



Kampen om catskiing - frå visjon til realitet

Ein studie av den politiske prosessen bak etablering av ei forsøksordning med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune.

Masteroppgåve i Media Practices
Høgskulen i Volda (HVO) | Avdeling for mediefag
Veronica Kvalen Pilskog
Mai 2019

Illustrasjon: Margrethe Furan Jakobsen



**HØGSKULEN
I VOLDA**

Forord

Dette er resultatet av to hektiske, men interessante og lærerike år. Ei tid fylt med både utfordringar og meistringskjensle. Å vere i full jobb ved sidan av utdanningsløpet er krevjande, og eit ankelbrot månaden før levering, gjorde det ikkje enklare. Eg er stolt som har fått det til.

Prosjektet hadde aldri vorte til utan mykje god hjelp. Først og fremst vil eg takke informantane som har delteke i prosjektet. Det har betydd utruleg mykje for oppgåva at de har stilt opp til intervju og gitt meg lærerik innsikt i ein spennande prosess.

Vidare vil eg takke rettleiar Eli Skogerbø. Heilt frå start har du vist genuin interesse for prosjektet, og gitt meg kritiske tilbakemeldingar undervegs i prosessen. Margrethe Jakobsen Furan si visualisering har løfta oppgåva. Eg er også ei stor takk skyldig til tilsette ved Høgskulen i Volda for oppmoding om å søke på masterstudiet.

Den største takka går til sambuaren min, familie, venar og kollegaer. Takk for at de har vist forståing for at det å gjennomføre det som no føreligg, tek tid, krefter og fokus. No ser eg fram til nye prosjekt.

God lesnad.

Volda, mai 2019

Veronica Kvalen Pilskog

Abstract

This thesis aims to study the political process behind the establishment of a trial arrangement with catskiing at Harpefossen ski resort in Eid municipality. The study looks at how the process has degenerated from the vision of offering catskiing commercially was created, to Eid municipality was pointed out as one of six municipalities to participate in a experiment with snow cat for catskiing. Furthermore, I will look at factors that have been important for the drive and the final result. This provides the basis for answering the main research question: *How have the actors in the case of catskiing at Harpefossen ski resort in Eid municipality worked to ensure political support and what factors have been decisive for the breakthrough of the trial arrangement?*

The empirical material relies on five qualitative interviews and analysis of several relevant documents. In the theoretical framework I mainly look at strategic political communication. Especially Binderkrantz's (2005) strategies for political influence has been important. Furthermore, I have benefited from Bourdieu's (1984) forms of capital in order to discover whether the actors' resources had an influence on access to the political arenas and thus the choice of strategies for influence.

The results from this study show that there are three main factors that were decisive for the breakthrough of the trial arrangement for catskiing. The first and most obvious factor is that the politicians believed in catskiing as product and had the stayer ability to work for the case. The other factor is the amount of specific capital which the actors had access to. These resources function as door-openers to influence the political arenas. The third factor is the process, which has been going on for a long time, that has been characterized by a number of coincidences and luck.

Samandrag

I denne masteroppgåva ser eg nærare på den politiske prosessen bak etablering av ei forsøksordning med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune. Studien ser på korleis prosessen har utarta seg frå visjonen om å tilby catskiing kommersielt vart skapt til Eid kommune vart peika ut som ein av seks kommunar til å delta i eit forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Vidare undersøker eg kva faktorar som har vore viktige for framdrifta og det endelege resultatet. Dette gir grunnlag for å svare på problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka om catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?*

Empirien til studien er henta frå fem kvalitative intervju og dokumentanalyse av ei rekkje relevante dokument. I det teoretiske rammeverket tek eg for meg strategisk politisk kommunikasjon. Det blir særleg sett på Binderkrantz (2005) sine strategiar for politisk påverknad. Vidare har eg nytta meg av Bourdieu (1984) sine former for kapital for å avdekke om aktørane sine ressursar har påverka tilgangen til dei politiske arenaene og dermed val av strategiar for påverknad.

Resultat frå studien viser at det særleg er tre faktorar som var avgjerande for gjennomslaget av forsøksordninga for catskiing. Den første og mest tydelege faktoren er at politikarane hadde tru på catskiing som reiselivsprodukt og stayerevne til å arbeide for saka. Den andre faktoren handlar om mengda av bestemte kapitalformer som aktørane hadde tilgang på. Desse ressursane fungerte som døropnarar til å påverke dei politiske arenane. Den tredje faktoren er at prosessen som har gått over lang tid har vore prega av ein rekke tilfeldigheter og flaks.

Innhald

Forord	2
Abstract	3
Samandrag	4
Innhald	5
1 Innleiing	7
1.1 Bakgrunn for val av tema	8
1.2 Problemstilling	9
1.3 Aktualitet	10
1.4 Struktura i oppgåva	11
2 Teoretisk rammeverk	12
2.1 Strategisk politisk kommunikasjon og lobbyisme	12
2.1.1 Dagsordenfunksjonen	14
2.1.2 Medialisering og profesjonalisering	14
2.2 Dei politiske arenene	15
2.3 Strategiar for politisk påverknad	17
2.4 Kapitalformer sin påverknad	20
2.5 Praktiske råd for effektiv politisk påverknad	22
2.6 Oppsummering	23
3 Forskingsprosess og metode	25
3.1 Val av metode	25
3.2 Kvalitative intervju	26
3.2.1 Val av informantar	26
3.2.2 Informert samtykke	29
3.2.2 Førebuing og gjennomføring av intervju	30
3.3 Dokumentanalyse	33
3.3.1 Kjeldekritikk	34
3.3.2 Val av dokument	34
3.4 Analyse	36
3.4.1 Kvalitative intervju	36

3.4.2 Dokumentanalyse	38
3.4 Kvaliteten på empirien	38
3.4.1 Reliabilitet	39
3.4.2 Validitet	40
4 Kronologisk oversikt over den politiske prosessen	42
4.1 Lokal forankring	42
4.2 Nasjonal forankring	46
4.3 Høyringsrunde	48
4.4 Saksgangen	51
5 Analyse	53
5.1 Catski som reiselivsprodukt	53
5.2 Bruk av strategiar for politisk påverknad	54
5.3 Ressursar sin påverknad	58
6 Avsluttande refleksjonar	64
6.1 Den politiske prosessen sett under eitt	64
6.2 Avsluttande kommentar og vidare forskning	65
Litteraturliste	67
Vedlegg 1: NSD si vurdering	75
Vedlegg 2: Informasjonsskriv	77
Vedlegg 3: Høyringsinnspel	79
Vedlegg 4: Intervjuguide	82

1 Innleiing

For én uke siden (11. mars 2019) fikk [Mads] Jonsson gjort drømmene om til virkelighet. Med en fullsatt beltevogn fra 90-tallet, kjøpt fra Televerket for en billig penge, fraktet han Fri Flyt, et knippe venner og profilerte skistjerner inn i fjellheimen tilknyttet Harpefossen (Nerdrum, 2019).

Det har ikkje vore plankekøyning å gjere draumen til Mads Jonsson, tidlegare profesjonell snøbrettkøyrar og dagleg leiar i Catski AS, om til røyndom, men ein kamp som skulle vise seg å ta over ti år. I kjølvatnet av at Harpefossen skisenter i Eid kommune hadde slite med økonomien i fleire år starta skisenteret i byrjinga av år 2000 å tenke på tiltak som kunne styrke inntektene til alpinanlegget. I tillegg til å gjere alpinanlegget familievenleg og satse på hytteutbygging, byrjar dei i 2007 å vurdere å ta betalt for å frakte besøkande med beltevogn opp på toppane rundt skianlegget slik at dei kunne renne utanfor preparerte løyper, det som på engelsk heiter catskiing. Denne aktiviteten har sitt utspring i Canada og vart for første gong gjennomført i 1975 av Allan Dury, grunnleggaren av Selkirk Snowcat Skiing i Canada (Selkirk Snowcat Skiing, u.å.). Dei siste ti åra har aktiviteten auka og i dag er aktiviteten kjent over heile verda. Land som Canada, USA, New Zealand, Japan, Chile, Nord-Makedonia og Italia tilbyr catskiing. Med forbetringar innan teknologien har catskiing konkurrert med heliskiing som er eit liknande konsept, berre at ein der nyttar seg av helikopter og ikkje beltevogner. Dagens beltevogner som er produserte for catskiing, går raskt opp og taklar bratt og ujamt terreng. På den måten får ein tilgang til meir skiterreng, samstundes som ein rekk fleire turar på ein dag. Fordelen med beltevogn samanlikna med skiheis er at ein kan køyre til forskjellige nedfarer for kvar tur. Det viste seg at denne aktiviteten var i strid med den norske motorferdsellova. Det var difor foreslått ei lovendring, noko som skapte sterke reaksjonar blant fleire, slik som utøvarar av tradisjonelt friluftsliv og enkelte interesseorganisasjonar. Likevel, over ti år etter at ideen kom opp, vart Eid kommune plukka ut som ei av seks kommunar i Noreg til å få delta i eit nasjonalt forsøk med kommunale beltebilløyper. 11. mars 2019 fekk Mads Jonsson gjort draumen om til verkelegheit.

Norsk friluftsliv og aktivitetar som vandring, sykling og skigåing er basert på allemannsretten som er forankra i Friluftslova (1957). Denne gir alle i Noreg rett til fri ferdsel i utmark. Ferdsel må likevel skje innan rimelege grenser, og må ikkje påføre ulemper eller skade for verken naturen, brukarar eller den respektive grunneigaren (Miljødirektoratet, 2013).

Allemannsretten har vore ein viktig faktor for at norsk reiseliv har kunne utvikla seg til dagens nivå. Som ein respons på aukande motorferdsel i utmark og vassdrag vart Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) vedteke i 1977. Lova regulerer all motorisert ferdsel og har som føremål å verne om naturmiljøet og fremje trivselen (Motorferdsellova, 1977, §1). Lova set opp eit generelt forbod mot motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, og har som føremål å avgrense moglegheita for fornøyleskøyting. Likevel har lovgjevar dei siste åra lempa noko på lova. I 2015 endra Stortinget lova slik at kvar enkelt kommune kan velje sjølv om dei vil etablere rekreasjonsløyper for snøskuterkøyting (Klima- og miljødepartementet, 2015a). 16. juni 2017 tredte lovforslaget om forsøksordning for catskiing i kraft. Ifølge lovforslaget kan catskiing berre skje med utgangspunkt i eksisterande alpinanlegg, og transporten må skje langs trasear som kommunen sjølv fastset. Forsøksordninga for catskiing, som er avgrensa til seks år, og seks kommunar, skal bli evaluert etter fire år. Denne evalueringa skal bli gjort ferdig tidsnok til at ei eventuell permanent lovendring kan tre i kraft før forsøksordninga går ut (Klima- og miljødepartementet, 2017a).

1.1 Bakgrunn for val av tema

Mitt personlege utgangspunkt for å gjennomføre denne studien om utviklinga av catskiing i Noreg, kjem først og fremst frå ei hending 17. april 2017, då eg var råka av ei ulykke på ski i Sunnmørsalpane. Historia om fleirdagssturen som enda med beinbrot og helikopter til sjukehus, vakte interesse blant fleire, til dømes hos Henning Reinton, redaktør i det norske magasinet Fri Flyt. Dette førte til at eg vart spurt om å skrive ein artikkel som seinare stod på trykk i magasinet. Undervegs i skriveprosessen med artikkelen las eg fleire tidlegare artiklar som hadde vore på trykk i magasinet og på nett, mellom anna ei rekkje saker om etableringa av catskiing i Noreg. Eg hadde også ein telefonsamtale med Henning Reinton der eg fekk stadfesta at dette var ei omstridd sak. Harpefossen skisenter, Eid kommune og lokale stortingspolitikarar meinte at catskiing kunne styrke inntektene til dei norske alpinanlegga og bidra til at naturen vart tilgjengeleg for fleire menneske. Dette vakte reaksjonar, mellom anna frå Landsorganisasjonen i Norge (LO) og Næringslivets Hovudorganisasjon (NHO) som uttalte at det ville øydelegge omdømmet til norsk natur. Eg vart fascinert over saka, og vurderte å skrive masteroppgåve om korleis catskiing kunne påverke omdømme til norsk natur. Eg starta med å gjere eit djupdykk der eg leste alle høyringane og medieomtane.

Vidare snakka eg med Mads Jonsson som er dagleg leiar i Catski AS og Alfred Bjørlo som er ordførar i Eid kommune. Målsettinga med samtalan var å få mest mogleg informasjon om prosessen rundt etablering av catskiing på Eid. Samtalan gav meg meir kunnskap om kvifor ein ønskte å tilby catski, og korleis ein hadde arbeidd for å kunne realisere prosjektet. Ikkje minst fekk eg eit tydeleg bilete av at dette hadde vore ein lang prosess der ein var avhengig av politisk støtte. Ettersom det ville ta tid før ein kunne starte å tilby catski, var det for tidleg å undersøke om det ville påverke omdømmet til den norske naturen. Eg slo difor frå meg tankane om å skrive om omdømme, og bestemte meg for utforske prosessen frå ideen om catskiing kom på bordet i 2007, til Eid kommune vart plukka ut som ei av seks kommunar i Noreg til å delta i det nasjonale forsøket.

1.2 Problemstilling

Politiske prosessar og avgjersler er avhengig av politisk kommunikasjon. Dette er ikkje noko nytt fenomen og har ifølge Chesebro (1976) og Meadow (1980), her referert frå Ihlen, Skogerbo og Allern (2015), historisk sett røter heilt tilbake til den tida då ein forsøkte å organisere samfunnet og avgjere spørsmål av offentleg interesse. Ifølge Semetko og Scammel (2012) driv alle aktørar som prøvar å påverke den politiske beslutningsprosessen med politisk kommunikasjon.

I denne studien vil eg undersøke den politiske prosessen bak etableringa av ei forsøksordning for catskiing i Eid kommune. At prosessen tok lang tid og skapte ein del reaksjonar er heilt naturleg ettersom det måtte ei lovending til. Men eg vil med denne studien sette søkelys på sjølve prosessen og skissere eit heilskapleg bilde som omhandlar kva faktorar som var viktige for at dei fekk gjennom ei forsøksordning i 2017. Prosessen vil dermed bli undersøkt på to nivå. Det første nivået er å beskrive korleis prosessen har utarta seg frå visjonen om å tilby catskiing kommersielt vart skapt, til Eid kommune vart peika ut som ein av seks kommunar til å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Det andre nivået er å sjå på kva faktorar som har vore viktige for framdrifta og det endelege resultatet. Med utgangspunkt i desse to nivåa vil eg skissere eit heilskapleg bilete over kva som var avgjerande for gjennomslaget i saka. Masteroppgåva har som ambisjon å innhente empiri som kan bidra til ei djupare forståing av kvifor Harpefossen skisenter og Eid kommune fekk gjennomslag for etablering av forsøksordning for catskiing.

Problemstillinga vert difor følgjande: *Korleis har aktørane i saka om catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?*

For å svare på problemstillinga har eg valt kvalitative intervju og dokumentanalyse som metode for innsamling av data. Dei kvalitative forskingsintervjua er gjennomført hausten 2018 med fem sentrale informantar. Hensikta med intervjua var å sette lys på hendingar, tankar og meiningar som ikkje kjem fram i dokument og rapportar. Den kvalitative dokumentanalysen omfatta ei rekkje dokument som har vore sentrale i prosessen som søknadar, høyringar og lovforslag.

For å svare best mogleg på problemstillinga har det vore naudsynt å gjere ein del avgrensingar. I denne studien er det arbeidet som initiativtakarar og politikarar har gjort kring saka om catskiing eg er ute etter å studere. Det vil seie at fokuset på andre aktørar vert tona noko ned. Perspektiva til interesseorganisasjonar og forvaltninga blir belyst gjennom saksdokument. Desse argumenta kjem fram i analysekapitela der dei blir presentert slik som dei kjem fram i saksdokumenta. Denne studien ser difor ikkje på kva som eigentleg ligg bak interesseorganisasjonar og forvaltninga sine argument i denne saka. Dette kunne ha vore tema i ei seinare oppgåve. I debatten kring lovforslaget for catskiing er det også ein del andre aktørar som er engasjerte og involverte, men som blir utelatne i denne studien. Det gjeld blant anna dei lokale grunneigarane. I tillegg tilseier rammene for denne studien eg berre har hatt høve til å intervjuje ei lita gruppe av involverte politikarar.

1.3 Aktualitet

Det naturlege spørsmålet som melder seg, er om vi treng kunnskap om den politiske prosessen kring etablering av forsøksordning for catskiing. Eg meiner det er viktig av to grunnar: Det første argumentet er at catskiing er ein omstridd aktivitet, men og ein relativt ukjent del av turistindustrien som det trengs meir kunnskap om. Det andre argumentet er at catskiing er eit interessant case å studere for å sjå på korleis ulike interessentar som kommunar, utbyggjarar og turistindustri søker å påverke politiske avgjersler. I tillegg meiner eg at studien vil kunne ha betydning i eit samfunnsperspektiv. Ifølge ei melding til Stortinget står reiseliv for i

overkant av fire prosent av verdiskapinga og nesten ni prosent av sysselsettinga i Noreg (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 1). Med andre ord er reiseliv viktig for landet. Opplevingsbransjen har den største veksten. Stadig fleire ønsker å oppleve Noreg gjennom unike opplevingar i naturen. Samfunnsutviklinga har ført til auka velstand og meir fritid, og teknologien har utvikla nye friluftaktivitetar. Framveksten av motorisert friluftsliv har likevel skapt stor misnøye blant fleire. Og vi vil truleg sjå fleire døme i framtida på aktørar som ønsker å satse på motorisert næringsutvikling i utmark og vassdrag. Dette tilseier at det er behov for meir forskning på feltet, og denne studien er nettopp eit forsøk på ein analyse av eit spesifikt tilfelle av motorisert friluftsliv.

1.4 Struktura i oppgåva

Studien er delt inn i seks hovudkapittel, og består av fleire underkapittel. I første kapittel har eg aktualisert studien og presentert problemstillinga. Vidare i kapittel 2 tek eg føre meg relevant teori som skal gi grunnlag for å svare på problemstillinga. Dette kapittelet er delt inn i fleire hovuddelar og ser nærare på sentrale omgrep som «strategisk politisk kommunikasjon» og «lobbyisme». I tillegg er innføring i dei politiske arenaene vesentleg for å kunne nytte seg av teorien til Binderkrantz (2005) om påverknadsstrategiar og Bourdieu (1984) sin teori om kapitalformer. For å sette teoriane i ein praktisk samanheng har eg valt å legge til nokre av Raknes og Solhjell (2018) sine praktiske råd for effektiv politisk påverknad. I kapittel 3 vil eg ta føre meg dei metodiske tilnærmingane, og dessutan ei vurdering av kvaliteten til studien. Etter presentasjonen av metodiske val, går eg over til analysen. I kapittel 4 gir eg ei kronologisk oversikt over dei viktigaste hendingane i prosessen. Dette skal gi grunnlag for å kunne ha eit aktivt forhold til det komande analysekapittelet. Vidare i kapittel 5 kjem analysekapittelet der eg ser eg på kva effekt ressursane til aktørane har hatt på den politiske prosessen og dermed på val av strategiar for påverknad. Målet med kapittelet er at det skal gi grunnlag for å svare på problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?* I kapittel 6 samanfatar eg dei viktigaste empiriske resultata av analysen. Endeleg vil eg syne til moglege område for vidare forskning.

2 Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet skal eg presentere relevant teori som skal gi grunnlag for å svare på problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka om catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?*

Kapitlet er delt i seks delar. Innleiingsvis gir eg eit overblikk over fagfeltet «strategisk politisk kommunikasjon» som ofte blir brukt synonymt med «lobbyisme». I tillegg forklarar eg omgrepa «dagsorden», «medialisering» og «profesjonalisering». Vidare gir eg ein introduksjon til dei politiske arenaene ein kan påverke i politiske prosessar: parlamentet, administrasjonen og media. I den påfølgande delen presenterer eg ein av dei to hovudteoriane denne studien bygger på; Binderkrantz (2005) sin teori om tilgang til dei politiske arenaene. Her skil eg mellom direkte og indirekte påverknadsstrategiar. Vidare blir den andre hovudteorien presentert; Bourdieu (1984) sin teori om ulike former for kapital. Eg har her nytta meg av Ihlen (2013) si overføring av teorien til ein PR-samanheng. Som ei praktisk tolking av politisk påverknad har eg avslutningsvis valt å legge til seks av Raknes og Solhjell (2018) sine praktiske råd for effektiv politisk påverknad. Endeleg gir eg ei oppsummering av teoriane og korleis eg vil nytte meg av desse i analysen.

2.1 Strategisk politisk kommunikasjon og lobbyisme

Politikk handler om styringen av samfunnet, samarbeid og konflikt, verdier og interesser. All symbolbruk og alle forsøk på påvirkning i denne forbindelsen vil vi kalle politisk kommunikasjon (Ihlen et.al, 2015, s. 13).

I kapittel 1.2 introduserte eg politisk kommunikasjon som noko alle politiske prosessar og beslutningar er avhengig av. Ifølge Skirbekk (2015, s. 27) går det eit skilje mellom politisk kommunikasjon og strategisk politisk kommunikasjon: «For at politisk kommunikasjon skal være strategisk, må den være målrettet». Dette skjer både på eit overordna strategisk nivå og på eit operativt nivå. På det strategiske definerer ein til dømes målgrupper, verkemiddel og budskap. Her er det viktig at ein vurderer ut frå den konteksten som ein skal kommunisere i. Operativt handlar det om å formidle det som er lagt inn i strategien. Her inngår kva ord og vendingar ein må velje for å uttrykke seg, framtoning og meistring av situasjonar. Strategisk

politisk kommunikasjon handlar ikkje om å bruke ein eller to teknikkar, men å anvende heile spekteret av teknikkar for å nå sine politiske mål (Skirbekk, 2015). Å sjå på kva teknikkar som er nytta i saka om catskiing vert dermed relevant, då dette er ein av grunnpilarane i strategisk politisk kommunikasjon. Strategisk politisk kommunikasjon blir ofte brukt synonymt med omgrepet «lobbyisme». Espeli (1999, s. 22) definerer «lobbyisme» som:

De forsøk organiserte interesser (bedrifter, organisasjoner, institusjoner), eller aktører på vegne av disse, gjør med sikte på å påvirke Stortingets dagsorden, beslutninger og formelle vedtak gjennom direkte kontakter og henvendelser av skriftlig og muntlig karakter til Stortinget, dets formelle beslutningstakere og deres rådgivere. Siktemålet med påvirkningsforsøkene er vanligvis og særlig sett i lengre perspektiv, at Stortinget fatter avgjørelser som helt eller delvis oppfyller målsettingene til de som står bak påvirkningsforsøkene.

Med andre ord kan ein forklare lobbyisme i Noreg som alle former for ikkje-institusjonaliserte forsøk på å påvirke beslutningstakarar på Stortinget og i regjeringa, og byråkratar i forvaltninga (Christiansen & Rommetvedt, 1999). Så i motsetnad til «korporatisme» som blir definert som ein type formalisert og institusjonalisert kontakt, omfattar lobbyisme personlege møte, telefonsamtalar, e-postutvekslingar og deltaking i komitéhøyringar (Opedal, 1997). I tillegg til den direkte kontakten med politikarar og byråkratar er det mange som meiner at det å utarbeide lovforslag, fraksjonsmerknader og utgreiingar er blant dei viktigaste innflytelsesmetodane påverknadsaktørar har (Culpepper, 2011). Espeli (1999) legg til grunn at dei politiske partia ikkje er å rekne som lobbyistar ettersom dei er deltakarar i beslutningsprosessane. Derimot meiner han at ein bør inkludere kommunar og fylker som vil påvirke på det nasjonale planet. Ein annan definisjon er at «lobbyvirksomhet først og fremst dreier seg om å påvirke utforminga av den offentlige politikken på ulike interesseområder» (Rommetvedt, 2014, s. 474). Denne definisjonen legg vekt på at aktørar vil prøve å påvirke politikken innan sitt interesseområde. Lobbyverksemd kan difor rette seg mot alle fasane av politikkkutforminga - frå dagsordensetting, til vedtaks- og iverksettingsfasen (Ihlen & Gullberg, 2015, s. 232). Dette heng saman med Europakommisjonen (2006, s. 5) sin definisjon: «all activities carried out with the objective of influencing the policy formulation and decision-making processes of the European institutions». Dette omfattar også førebuingar som utredningar og utforming av lovforslag og andre innspel til politiske beslutningsprosessar. Effektiv lobbyisme blir sagt å kreve både «artikuleringssevne, organisasjonsmakt, kontaktnett og kjøpekraft» (Østerud, Engelstad & Selle, 2003, s. 296).

Dette blir sett på som ei utfordring for det representative demokratiet. Med andre ord kan lobbyisme vere med på å vri maktbalansen til fordel for dei som har mykje økonomisk makt og evna å utnytte dei ulike kanalane. Dette aktualiserer også debattar om svingdører; politikarar som går inn i kommunikasjonsbransjen, og kommunikasjonsfolk som går inn i politikken (Ihlen & Gullberg, 2015).

2.1.1 Dagsordenfunksjonen

Ifølge Waldahl (1999) består kampen om samfunnet sin dagsorden av tre hovudaktørar: politikarane, media og publikum. Media fortel om dei sakene som blir vektlagt, publikum fortel kva saker dei er opptekne av og politikarane fortel kva saker dei ønsker å prioritere. Media har det som blir kalla for ein dagsordenfunksjon, også kalla for agendasettingfunksjon. Dette blir brukt om media si evne til å sette dagsorden i opinionen eller kva tema som blir framstilt som viktige i massemedia, og som vil bli oppfatta som sentrale av mottakarane (Eide, 2001). McCombs (2004) meiner at publikum sin dagsorden, altså kva saker og tema som blir diskutert i samfunnet og offentlegheita, i stor grad er det same som media sin dagsorden. Gjennom dagsordenmakta kontrollerer media kva saker som blir løfta fram i lyset, og kva som forblir ukjent for folk flest. Dette betyr ikkje at media bestemmer kva folk skal meine, men derimot kva folk skal meine noko om (McCombs & Shaw, 1972).

2.1.2 Medialisering og profesjonalisering

Media har alltid spelt ei sentral rolle i formidlinga av politikk. Med andre ord er det ikkje noko nytt fenomen at media og politikk er knytt til kvarandre. «Massemediene er blitt den sentrale arena for kampen om politisk makt (...)» (Østerud et.al., 2003, s. 127). Ifølge Enli (2015) har fleire forskingsrapportar dokumentert ein aukande framvekst av det ein omtalar som *medialisering*. Dette kan definerast som «en langsiktig prosess der viktigheten av mediene og deres innflytelse på politiske prosesser, institusjoner, organisasjoner, og aktører har vært økende» (Strömbäck & Esser, 2014, i Enli, 2015). Media har teke rolla som regissørar, og biletet som media teikna av politikken blir politiske realitetar (Jenssen & Aalberg, 2007). Med andre ord blir dei politiske institusjonane i stigande grad avhengig av media og deira logikk. Om ein ønsker å oppnå støtte for synspunkta sine må ein fremje sakene på ein måte som kan føre til mediemerksomheit (Ihlen et.al., 2015). Politikken må difor ta omsyn til kva media legg vekt på i arbeidet med utveljing av nyhende.

Som følge av denne medialiseringa har det skjedd ei *profesjonalisering* av den politiske kommunikasjonen. Korleis massemedia dekker ei politisk sak, ligg utanfor politikarane sin kontroll. Men det er likevel mykje ein kan gjere for at media blir merksame på deira synspunkt og saker (Rasmussen, 2012). Ettersom dei politiske aktørane er avhengig av mediedekning, er det vesentleg at dei rettar seg etter media sin logikk. Men dette krev ofte meir kunnskap om fag og metode enn tidlegare. For å oppnå støtte for eigne synspunkt må ein legge fram avansert informasjon, noko som krev fagkompetanse. Som følge av dette har det dei siste åra vore ein framvekst av kommunikasjonsrådgjevarar. Framveksten av desse rådgjevarane er ein av dei tydelegaste indikasjonane på at den politiske kommunikasjonen har vorte profesjonalisert (Scammell, 2014). Moen (2007, s. 104) hevdar at politikarane har ein fordel med denne utviklinga: «Når politikere kjenner journalistenes arbeidsmetode like godt som journalistene selv, kan politikere utnytte mediasamfunnet til egen fordel».

2.2 Dei politiske arenene

Proessen fram mot ei forsøksordning med kommunale beltebilløyper for catskiing gjekk heile vegen frå å vere ei lokalpolitisk sak i Eid kommune til ei nasjonal sak som vart teken opp og til slutt vedteken på Stortinget. For å oppnå politisk påverknad kan ein prøve å påverke dei politiske arenaene. Desse har alle eigne reglar, eller normer, som gjeld for å få innpass. Ein må alltid vurdere føremålet med saka, og kan på den måten avgjere kva arena ein skal velje (Binderkratz & Krøyer, 2012). Eg vil i det følgande ta føre meg dei ulike politiske arenaene: parlamentet, administrasjonen (også omtala som forvaltninga) og media.

I Noreg er nasjonalforsamlinga (Stortinget) ein sterk institusjon i det norske politiske systemet (Grindheim, Heidar og Strøm, 2017). Stortinget har alltid stått sterkt i Noreg, iallfall i lovsaker - og særleg sidan innføringa av parlamentarismen i 1884. Stortinget dekker fleire funksjonar og skal blant anna ivareta Noregs lover, danne regjering, sette dagsorden og kontrollere forvaltninga (Binderkratz, Christiansen & Pedersen, 2014). Kvar einaste år blir hundrevis av saker handsama i Stortinget. Dei fleste lovforslag kjem frå regjeringa og blir kalla for proposisjonar, som ofte har vore gjennom ei omfattande sakshandsaming før dei kjem til Stortinget. Med andre ord kan ein forklare Stortinget som ein oppdragsgjevar for regjeringa (Grindheim et.al., 2017). Eit av føremålet med å kontakte politikarar på Stortinget

er å vinne innflytelse på politiske avgjersler og den parlamentariske dagsordenen (Binderkrantz et.al., 2014). Ifølge Frandsen (2006) i Binderkrantz et.al (2014) kan aktører vere involvert i forhandlingane rundt eit lovforslag før det blir presentert for Stortinget. Dette skjer ved at dei har kontakt med politikarar som er med på utforminga av lovforslaget. Lovforslag blir sett på dagsorden av Stortinget sitt presidentskap, som sender dei vidare til behandling i ein fagkomité som handsamar forslaget og kjem med ei tilråding i saka. For å hente inn informasjon er høyringar eit viktig element. Desse er ofte organisert der råka organisasjonar, foreiningar og andre får seie si meining om lovforslaget. Samstundes som komiteane innhentar informasjon, har stortingsrepresentantane interne diskusjonar i sine parti om kva dei skal stemme i saka. Praksis i dag er som oftast at alle representantane stemmer slik partiet har vorte samd om. Lovforslaget blir sendt fram og tilbake mellom komiteen og partigruppene til forslaget er endeleg behandla. Komitébehandlinga blir avslutta med at alle medlemmane i komiteen informerer om kva deira parti kjem til å stemme. Dette blir skrivne inn i ei innstilling som blir debattert i stortingssalen. Ved slutten av møtet stemmer stortingsrepresentantane over forslaget. Når lovforslaget er vedteke i Stortinget, blir det sendt til regjeringa som vidare legg fram lovvedtaket for *Kongen i statsråd*. Etter at lovene er vedtekne, er det regjeringa si oppgåve å sette lova ut i livet, og styre landet etter den (Stortinget, 2018b).

Regjeringa er konstitusjonelt leiar for statsforvaltninga, som også består av statsadministrasjonen med departementa, direktorata og andre typar statlege verksemder. Departementa si overordna oppgåve er å vere fagleg sekretariat for den politiske leiinga. Eit ledd i dette er å utarbeide dei forslaga som regjeringa sender til Stortinget. Dei fungerer dermed som eit slags filter for kva som kjem på den politiske dagsordenen. Den øvste politiske leiaren i eit departement er statsråden, også omtala som ministeren. I tillegg til departementa inneheld statsforvaltninga ei rekke andre organ, slik som til dømes direktorat. Dei har i oppgåve å avlaste departementa i høve fagleg arbeid og gjennomføring av tiltak. I tillegg eksisterer det andre typar statlege forvaltningsorgan som til dømes Fylkesmannen. Dette er regjeringa sin representant i fylket, som blant anna formidlar regjeringa sin politikk til kommunane. I det norske systemet har kommunesektoren mange og omfattande oppgåver, og blir i stor grad nytta som iverksettingsledd for staten sin politikk (Grindheim et.al., 2017). Kommunane og fylkeskommunane sine oppgåver er å arbeide for interessene til dei som bur

der. Sjølve omgrepet «kommune» er knytt til ein fellesskapstanke om at lokalsamfunnet og innbyggjarane sjølv skal stå for løysing av fellesoppgåver, både med omsyn til kva det skal arbeidast med og kva innhaldet i oppgåvene skal vere. Dette skjer gjennom representative folkevalde med kommunestyret i leiinga (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014). Dette blir ståande som eit viktig skilje gjennom heile denne studien, då saka om catskiing går heile vegen frå å vere ei lokalpolitisk sak til å bli ei nasjonal sak som blei teken opp og vedteken på Stortinget.

Media har i dagens samfunn fått ein sentral plass i det moderne demokratiet. «Mediene setter dagsordenen, regisserer spillet, kroner eller detroniserer aktørene. Den som vil ha innflytelse må tilpasse seg mediernes form» (Østerud et.al., 2003, s. 127). Med andre ord har media teke ei stor rolle og fått stor makt over den politiske arenaen. Men media har ikkje direkte innflytelse på politiske avgjersler slik som politikarar og embetsmenn har det. Derimot har media betydeleg innflytelse over befolkninga sin dagsorden; kva spørsmål og saker befolkninga skal vere oppteken av og dermed kva den ikkje skal vere oppteken av (Stortinget, 2018a). Også vinklinga som media vel å gi ei sak, vil ha betydning for kva merksemd saka får. Media som også blir omtala som den fjerde statsmakt, er på den måten med på å sette dagsordenen, også for kva som blir diskutert politisk. Som nemnd i kapittel 2.1.2, har media i takt med medialiseringa av politiske prosessar vorte ein stadig viktigare arena for politisk innflytelse. Media sin dagsordenfunksjon utøver ein grunnleggande politisk makt - som politikarar og dei som ønsker å påverke veit å dra nytte av (Gripsrud, 2011). Verken politikarar eller embetsmenn ønsker negativ mediemerksemd. Journalistar kan på denne måten påverke politiske beslutningar indirekte (Binderkrantz et.al., 2014). Ifølge Cook (1998) vil aktørar med formelle posisjonar bli oppfatta som meir pålitelege enn andre. Dette blir spegla i at denne type aktørar oftare får medieomtale enn andre.

2.3 Strategiar for politisk påverknad

Ettersom denne studien undersøker ein politisk prosess der aktørane ønska å påverke ulike delar av den politiske arenaen, har eg nytta meg av Binderkrantz (2005) sine strategiar for politisk påverknad. Ut frå problemstillinga som har til føremål å utforske kva faktorar som var avgjerande for gjennomslaget av forsøksordninga med catskiing, vil det vere relevant å bruke

teori av Binderkrantz (2005) for å undersøke kva type påverknadsstrategiar aktørane har nytta seg av i prosessen.

Litteraturen skil mellom direkte og indirekte strategiar. Kvar av desse strategiane inneheld ulike aktivitetar som kan grupperast etter kva slags kanal ein nyttar seg av i forsøket på å nå fram med budskapet, eller kva målgruppe ein vender seg til. Direkte strategiar handlar om å ta kontakt med beslutningstakarar direkte, medan indirekte handlar om å påverke gjennom andre kanalar. Binderkrantz (2005) meiner dei direkte strategiane refererer til aktivitetar som skjer gjennom den administrative eller parlamentariske kanalen. I Noreg kan den administrative kanalen handle om kontakt med embetsverket, svar på høyringar og deltaking i møte med departement. I den parlamentariske kanalen har aktørane kontakt med stortingsrepresentantar, partigrupper eller det lokale kommunestyret. Hovudmålet er å bygge relasjonar og gi informasjon direkte til dei du ønsker å påverke. Fordelen med denne type strategi er at ein kan bygge tillit, ein sikrar at budskapet ikkje blir forvrengt, og dessutan at ein får presentert saka direkte til beslutningstakaren og har moglegheit til å kome med løysingar (Esbensen, 2012). Indirekte strategiar er påverknadsinitiativ som hovudsakeleg blir retta mot media eller befolkninga. Typiske aktivitetar her er til dømes at ein kontaktar journalistar, gir ut egne pressemeldingar, held pressekonferansar og arrangerer debattmøter. Her er målet å sette press på beslutningstakarar ved å påverke mediebietet eller mobilisere egne medlemmar og støttespelarar i form av aksjonar (Raknes & Solhjell, 2018). Det blir stadig vanlegare å kombinere direkte og indirekte strategiar for å skape eit ekstra press på beslutningstakarar. Dette blir kalla for «krysspress», og tanken bak er at ein *angrip* ein beslutningstakar frå fleire hald. Målet er at ein skal oppleve presset så stort at vedkomande gir etter for forslaget. Om politikarane får det same budskapet frå både media og støttespelarar som dei får i direkte møte, kan presset bli så stort at beslutningstakaren ikkje kan ignorere saka (Esbensen, 2012).

Binderkrantz har laga ei oversikt over ulike strategiar, og har kategorisert strategiar og taktikkar ein kan nytte seg av for å forsøke å oppnå innflytelse (Binderkrantz, 2005, s.4).

Table 1: Categorization of Influence Strategies and Examples of Activities

<i>Direct strategies</i>		<i>Indirect strategies</i>	
<i>Administrative strategy</i>	<i>Parliamentary strategy</i>	<i>Media strategy</i>	<i>Mobilization strategy</i>
Contacting the relevant minister	Contacting parliamentary committees	Contacting reporters	Arranging public meetings and conferences
Contacting national public servants	Contacting party spokespersons	Writing letters to the editor and columns	Organizing letter-writing campaigns
Actively using public committees, etc.	Contacting other members of parliament	Issuing press releases and holding press conferences	Arranging strikes, civil disobedience, direct action and public demonstrations
Responding to requests for comments	Contacting party organizations	Publicizing analyses and research reports	Conducting petitions

Modellen viser eit skarpt skilje mellom direkte kontakt med parlamentet eller administrasjonen, og dei som prøvar å påverke beslutningstakarar med indirekte strategiar (Binderkrantz, 2005). Funn frå dansk forskning viser at føremålet ein har, påverkar kva strategi ein vel når ein vil forsøke å påverke politisk (Binderkrantz & Krøyer, 2012). Ein annan faktor som kan påverke valet av strategi, er ressursar. «Ressurser har betydning for adgang til alle arenaer» (Binderkrantz et.al., 2014, s. 209). Dette kan sjåast i samanheng med at «votes may decide policies, but other resources are also important» (Rommetvedt, 2005, s. 760). Dei som har mindre ressursar, kan ha mindre tilgang til beslutningstakarar, og ein kan såleis forvente at desse må nytte seg av indirekte strategiar i staden (Binderkrantz, 2005). Dette heng saman med at det kan vere forskjellar på ressurssterke og ressursvake aktørar når det kjem til tilgang til dei ulike politiske arenaene, og konsekvensen er at dei som skal påverke ikkje har direkte tilgang til dei ein ønsker å påverke (Binderkrantz et.al., 2014). Å ha direkte tilgang til dei som tek avgjersler, kan føre til meir innflytelse (Binderkrantz, 2005).

2.4 Kapitalformer sin påverknad

Ifølge den franske filosofen og sosiologen Pierre Bourdieu deltek alle i ei rekkje kampar om innverknad og kapital. Det som avgjer eit individ sin posisjon og påverknadskraft er mengda av bestemte kapitalformer som ein har tilgang på (Wilken, 2008). Bourdieu definerer kapital som «knappe ressursar som det er konkurranse om blant individer og grupper i samfunnslivet» (Aakvaag, 2008). Utdanning, akademiske grader, sosial anseelse og innverknadsrikt arbeid er døme på slik kapital (Esmark, 2006). Denne kapitalen gir makt og kan brukast til å oppnå fordelar i samfunnet (Bourdieu, 1995). Ettersom denne studien undersøker ein politisk prosess der fleire aktørar har vore involverte, vil det vere relevant å sette søkelys på i kva grad ressursane til aktørane har påverka den politiske prosessen. Eg har her nytta meg av Ihlen (2013) si overføring av teorien til ein PR-samanheng. Vidare vil eg sjå nærmare på dei fem formene for kapital; institusjonalisering, økonomisk kapital, sosial kapital, kulturell kapital og symbolsk kapital.

«Institusjonalisering» kan bli definert som strukturar og aktivitet som gir stabilitet og meining i ein organisasjon (Scott, 1995 i Ihlen & Robstad, 2004). Graden av institusjonalisering påverkar ressurstilgang i form av størrelse gjennom tal medlemmar og tilsette, organisasjonen sin stabilitet og innarbeidde rutiner. Store og høgt institusjonaliserte organisasjonar kan oppnå større grad av påverknadsmoglegheiter ovanfor dei politiske arenene ved å nytte seg av desse fordelane (Ihlen, 2001).

«Økonomisk kapital» er nært forbunde med grad av institusjonalisering. Dette er ifølge Bourdieu den viktigaste kapitalforma, og inkluderer alle former for økonomiske ressursar. Med andre ord skil denne kapitalen seg lite frå økonomane sin definisjon av kapital (Aakvaag, 2008). Dette handlar både om inntekter og investeringar i tal tilsette som arbeider for å oppnå politisk innverknad (Binderkrantz et.al., 2014). Dersom ein har god økonomisk kapital, har ein ifølge Aakvaag (2008) også stor økonomisk makt i samfunnet. Økonomisk kapital gir også moglegheiter til å arbeide over lenger tid med ei og same sak, og gjere menneskelege ressursar i form av arbeidskraft tilgjengeleg (Ihlen, 2013). Bourdieu peikar på at sosial kapital og kulturell kapital også i nokre tilfelle kan ha med økonomisk kapital å gjere (Bourdieu, 1984). Til dømes kan eit individ gjennom den auka sosiale kapitalen det får gjennom å ha eit

nettverk som består av høgtstående personar i samfunnet, tileigne seg økonomisk kapital. I tillegg kan den auka kulturelle kapitalen ein får med høgare utdanning føre til betre økonomi.

«Sosial kapital» er definert av Bourdieu og Wacquant (1992, s. 119) som «the sum of the resources, actual or virtual, that accrue to an individual or a group by virtue of possessing a durable network of more or less institutionalized relationships of mutual acquaintance and recognition». Dette er ein instrumentell definisjon, som fokuserer på kva individet kan vinne ved å ha sosial kapital (Svendsen & Svendsen, 2006). Denne kapitalen botnar i meir eller mindre institusjonaliserte relasjonar som familierelasjonar, nettverk og medlemskap i grupper (Bourdieu, 1984). Den kan forklarast som eit individ eller ei gruppe sitt sosiale nettverk og dei fordelane ein nyt godt av ved å vere medlem i nettverk. Ein person sin sosiale kapital blir bestemt av storleiken på nettverket ein har rundt seg, i tillegg til mengda økonomisk, kulturell og symbolsk kapital nettverket har samla sett (Aakvaag, 2008). Difor er det også viktig kva type og volum kapital dei andre medlemmane i nettverket har og som du får tilgang på (Bourdieu, 1984 i Ihlen 2013, s. 125). Denne gruppa kan også vere til dømes eit parti, ei familie, eller ein skule. For å oppretthalde ein person sin sosiale kapital må ein pleie nettverket sitt. Dette krev både tid, pengar og arbeid, i tillegg til gode sosiale ferdigheiter som gir deg innpass i dei rette kretsane. Ein kan også omtale sosial kapital som relasjonsbygging (Ihlen & Robstad, 2004).

«Kulturell kapital» blir beskrive som «(...) en annen kapitalform som består i å ha tilegnet seg og mestre den dominerende kulturens kulturelle koder i samfunnet» (Aakvaag, 2008, s. 152). Bourdieu omtalar dette som formell kunnskap som kjem frå ein person sin oppseding, oppvekst og utdanning (Wilson, 2002). Ein oppnår kulturell kapital gjennom gode resultat i utdanningssystemet, ein høgt verdsett jobb, deltaking i politikk eller tilgang til eksklusive sosiale miljø (Esmark, 2006). Dette kan ein tileigne seg på to ulike måtar; anten tidleg i livsløpet gjennom haldningar og verdier i familien ein er fødd inn i, eller erverva gjennom kunnskap og utdanningstitlar frå utdanningsinstitusjonar. Ihlen (2009) vidarefører den kulturelle kapitalen og omtalar det som kunnskapskapital. Dette blir forklart som å kjenne kulturen i politikk, media og samfunnsliv. Politikarar og embetsverk verdset kunnskap om politiske prosessar, saksgang og ulike interessefelt. Ovanfor media er det om å gjere å ha

kunnskap om media sin logikk. Dette omfattar kva som skal til for å skape ei god sak som fangar publikum si interesse.

«Symbolsk kapital» kan bli definert som det å ha omdømme som kompetent eller respektabel organisasjon (Bourdieu, 1984). Ifølge Ihlen og Robstad (2004) kan alle dei andre formene også fungere som symbolsk kapital. Dersom det å ha eit stort nettverk blir verdsett, kan det bli omdanna til symbolsk kapital ved at andre har inntrykk av at ein er mektig og har stor innverknad.

Ifølge Bourdieu har ingen sjølv fritt valt utdanning, yrke, vennar og så vidare. Dette er bestemt gjennom ein person sin *habitus*, som kan forklarast som sosiale innlærde måtar å tenke og handle på (Bourdieu, 1995). Desse måtane å vere på er djupt forankra gjennom lange erfaringsprosessar som startar i barndommen. Dei ulike kapitalformene som er samla i eit individ sin *habitus*, har mykje å seie for kva moglegheit ein har til å lukkast med kommunikasjonen. Ovanfor politikarar vil til dømes ei generell forståing for det politiske felt, og kontaktar innan dette truleg ha positiv verknad på kommunikasjonen (Ihlen, 2007).

Ovanfor media gjeld kunnskap om media sin logikk. Dette omfattar kva som skal til for å skape ei god sak; det handlar om å vite kva som fangar publikum si interesse (Ihlen, 2009). Kva kapital som bli verdsett innan kvart felt, og tilgang til den rette forma for kapital, er av stor betydning for å lukkast med politisk kommunikasjon. Vidare kan kjennskap til dei ulike kapitalformene bli nytta ovanfor alle dei tre delane i den politiske arena hos Binderkrantz (2005). I kva grad ressursar og tilgang til desse har vore avgjerande i prosessen fram mot eit lovforslag, om forsøksordninga med catskiing, vil eg kome tilbake til i kapittel 5.

2.5 Praktiske råd for effektiv politisk påverknad

Dei to norske forfattarane Ketil Raknes og Bård Vegar Solhjell gav ut boka *Jakta på makta - 12 råd for effektiv påverknad*, i 2018. Boka gir 12 råd for korleis ein kan påverke norsk politikk. Her har eg valt å fokusere på seks av råda som særskilt legg føringar for politisk påverknad. Det første rådet er «Strategi, strategi, strategi». Berre dei som har ein strategi, veit kva dei vil. Strategien er altså det som skal få summen av handlingar og enkeltpersonar til å henge saman over tid og drage mot målet. Strategien bør vere så enkel som mogleg og «(...) er noe man gjør, ikke noe man har» (Raknes & Solhjell, 2018, s. 29). Det andre rådet er «Fakta

har makta». Å utvikle gode argument bygd på fakta er ei grunnleggande oppgåve for alle som ønsker å påverke andre. For å vinne fram på lang sikt lønner det seg å drive seriøst, ved å innhente relevante fakta og utvide kunnskapsgrunnlaget om den aktuelle saka. Ofte vil ein likevel oppleve at det dukkar opp feil, og då kan det vere avgjerande korleis ein handterer dette. Då er det viktig å korrigere feilen så raskt som mogleg. Det tredje rådet er å «Bygge nettverk». For å lukkast i politiske prosessar er det viktig å kartlegge kven beslutningstakarane er, og kva relasjonar ein har til dei. Det fjerde rådet er «Lever løysinga». Å utvikle gode løysingar er ei av dei vanskelege øvingane innanfor politikken. Ei politisk løysing er ei operasjonisering av det du og organisasjonen din arbeider for. Dette er eit omfattande arbeid, noko som krev både faglege ressursar og politisk innsikt. Det femte rådet er «Fortel kva du kan gjere for landet ditt». Politikarane er ofte opptekne av at sakene som dei skal bli overbevist om å støtte, skal løyse eit samfunnsproblem. Dei er også opptekne av at ein kan vise til å ha støttespelarar, og at samfunnsverdien kan bli dokumentert. Det sjette rådet er «Dominer dagsordenen». Som også nemnd i kapittel 2.1.1, er media den fremste arenaen for å utøve dagsordenmakt. Difor er det om å gjere å ha evne til å nå fram i media (Raknes & Solhjell, 2018).

2.6 Oppsummering

I dette kapittelet har eg gjort greie for ulike teoretiske perspektiv som kan bidra til å skape ei større forståing for funna som blir presenterte i analysen i kapittel 5. Studien er i hovudsak styrt av empiri, det vil seie at det blir lagt størst vekt på informasjonen eg har tileigna meg gjennom dei to vitenskaplege metodane: kvalitative intervju og dokumentanalyse. I første del av kapittelet blei omgrepa «strategisk politisk kommunikasjon» og «lobbyisme» presentert. Vidare introduserte eg omgrepa «dagsordenfunksjonen», «medialisering» og «profesjonalisering». Desse omgrepa blir naturleg å nytte seg av i analysen for å diskutere kvifor saka om catskiing kom på den politiske dagsordenen. Andre del av kapittelet tok føre seg dei politiske arenaene i Noreg: parlamentet, administrasjonen og media. Her vart det fokusert på at dei ulike arenene har sine egne reglar og normer som ein bør kjenne til for å få innpass. For å kunne undersøke kva type strategiar aktørane har nytta seg av i den politiske prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing, vart Binderkrantz (2005) sine påverknadsstrategiar presentert i neste del. Her vart det skilt mellom «direkte» og «indirekte strategiar». I siste del av kapittelet vart Bourdieu (1984) sin teori om kapitalformer og sosiale

felt presentert. Dette for å sette søkelys på i kva grad ressursane til aktørane i denne studien har påverka tilgangen til dei politiske arenene og dermed val av strategiar for påverknad. Eg nytta meg her av Ihlen (2013) si overføring av Bourdieu sine teoriar til ein PR-samanheng. Som ei praktisk tolking av politisk påverknad såg eg avslutningsvis på Raknes og Solhjell (2018) sine praktiske råd for effektiv politisk påverknad.

3 Forskingsprosess og metode

I dette kapitlet skal eg presentere forskingsprosessen og dei metodane som eg har nytta meg av for å belyse problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka om catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?* Kapitlet er delt inn i tre delar, der eg startar med å ta føre meg sjølve grunnlaget for den metodiske tilnærminga. Vidare følger ein gjennomgang av framgangsmåtane for innsamling av data; kvalitative intervju og dokumentanalyse. Avslutningsvis tek eg føre meg handsaminga av datamaterialet, samstundes som eg rettar eit kritisk blikk på kvaliteten til studien.

3.1 Val av metode

Grønmo (2004, s.28) beskriv metode som «en planmessig framgangsmåte for å nå et bestemt mål». I tråd med Østbye, Helland, Knapskog, Larsen og Moe (2013) er metodevalet i forskningsprosjektet basert på masteroppgåva si problemstilling og forskingsperspektiv. I denne studien har eg valt å nytte meg av kvalitativ metode for innsamling av data. Dette blir av Tjora (2017) beskrive som den mest føremålstenlege metoden når ein er ute etter å utforske og gå i djupna på eit tema. Denne studien undersøker prosessen frå visjonen om å tilby catskiing kommersielt på Harpefossen vart skapt, til Eid kommune vart peika ut som ein av seks kommunar til å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Som nemnd i oppgåva sitt innleiande kapittel, har eg som ambisjon å bringe fram ein djupare kunnskap om kvifor Harpefossen skisenter og Eid kommune fekk gjennomslag for etablering av forsøksordning for catskiing. Eg vurderte det difor som naudsynt å ta føre meg både intervju og dokumentanalyse som forskingsmetode. Målet var at ein kombinasjon av desse to forskingsmetodane skulle gi meg eit godt grunnlag for å kunne svare på problemstillinga.

Den kvalitative dokumentanalysen omfatta ei rekkje dokument og rapportar som omhandla catskiing og motorisert ferdsel i utmark og vassdrag. Dei fleste av dokumenta er offentlege og lett tilgjengelege, noko som har ført til lite utfordringar knytt til å innhente kjelder med fakta. Tvert imot er det eit overveldande stort dokumenttilfang knytt til denne saka. Difor har eg i stor grad kunne nytta strategisk utvelgning av dokument og nytta dei som har vore mest relevante og nyttige ut frå problemstillinga mi (Grønmo, 2015). Det kvalitative

forskningsintervjuet er gjennomført med fem sentrale informantar. Føremålet med intervjuet var å sette lys på hendingar, tankar og meiningar som ikkje kjem fram i dokument og rapportar.

3.2 Kvalitative intervju

Kvalitative intervju er ein mykje brukt metode innanfor kvalitative tilnærmingar. Ifølge Kvale og Brinkmann (2015, s. 20) søker kvalitative forskningsintervju å sjå verda sett frå informantane si side: «Å få frem betydningen av folks erfaringer og å avdekke deres opplevelse av verden, forut for vitenskapelige forklaringer, er et mål». Intervjuet har i lang tid vore eit grunnleggjande verktøy for å forsøke å forstå kontekst og innhald i ulike kvardagslege miljø, sosialt, kulturelt, politisk og økonomisk (Crang & Cook, 2007). Dette er også tilfelle i denne studien, då ein på nokre område berre kan oppnå kunnskap ved å ha ein samtale med dei personane som har vore involverte i prosessen. Med bakgrunn i problemstillinga såg eg på det kvalitative forskningsintervju som ei føremålstenleg og relevant metode som ville gi meg informasjon som ikkje var tilgjengeleg for offentlegheita frå før. Sjølv om intervju er ein god metode for å samle inn relevante data, er det viktig å vere bevisst på å stille gode spørsmål, som informanten forstår og kan svare på. Eit godt samspel er avgjerande for endeleg resultat.

Intervjuet er en aktiv kunnskapsproduksjon. Det er intervjueren og den intervjuede som produserer kunnskap sammen. Intervjukunnskap produseres i en samtalerelasjon; den er kontekstuell, språklig, narrativ og pragmatisk (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 36).

3.2.1 Val av informantar

Val av informantar blir beskrive som eit viktig tema i kvalitativ intervjuforskning. Marshall (1996) peikar på at ei gjennomgåande misforståing innan forskning er at det endelege målet er å generalisere gjennom utvalet til studiet. Ein slik framgangsmåte kan syne seg naudsynt innan kvantitative studiar som let seg talfeste, men målet for ein god kvalitativ studie er at ein oppnår auka forståing for komplekse fenomen. For å oppnå det målet treng ein eit utval som er tilstrekkeleg for oppgåva si problemstilling. I kvalitative studiar vel ein ofte informantar ut frå kva eigenskapar og kunnskap som er avgjerande for oppgåva (Thagaard, 2013). Ettersom denne studien undersøke ein konkret politisk prosess vart det tidleg klart at eg burde gjere eit *strategisk utval* slik Dalland (2017) omtalar det. Når det gjaldt å velje informantar, var det ut frå problemstillinga allereie ein del utvalsparameter som var bestemt. Ifølge Ryen (2002) bør informantane ha ein viss kjennskap til saka ein studerer. Difor valde eg å søke etter

informantar som hadde vore tett involvert i prosessen. Vinteren 2018 tok eg kontakt med Harpefossen skisenter som var initiativtakar for prosjektet. Dette for å kunne kome i kontakt med relevante personar som hadde vore involverte i saka, også kalla for snøballutveljing (Grønmo, 2004). Det må her nemnast at eg i februar og mars 2018 gjennomførte uformelle samtalar med ordføraren i Eid kommune, Alfred Bjørlo og dagleg leiar i Catski AS, Mads Jonsson. Dette var eit bevisst val for å få god oversikt over saka, for å finne ut om det i heile tatt var noko å studere nærare. Når eg hadde kome lenger i prosessen og hadde fått oversikt over andre nøkkelpersonar i saka tok eg kontakt med alle per telefon eller e-post. Etter å ha informert dei potensielle informantane om prosjektet, fekk dei spørsmål om dei var villige til å delta. I alt fem informantar vart kontakta, der alle takka ja til å stille på intervju. Desse er det laga ei oversikt over, sjå under. Då eg hadde fått munnleg eller skriftleg tilbakemelding, avtalte vi tidspunkt for intervju.



Stein Bjørhovde



Mads Jonsson



Alfred Bjørlo



Bjørn Lødemel



Sveinung Rotevatn

1. **Stein Bjørhovde:** Styreleiar i Harpefossen skisenter frå 2003-2016.
2. **Mads Jonsson:** Dagleg leiar i Catski AS og tidlegare profesjonell snøbrettkøyrar.
3. **Alfred Bjørlo:** Venstrepolitikar. Ordførar i Eid kommune frå 2011- d.d. Har tidlegare arbeid som politisk rådgjevar på Stortinget, og vore rådgjevar i PR-byrået Burson-Marsteller (no kjend som BCW).
4. **Sveinung Rotevatn:** Venstrepolitikar. Leiar i Unge Venstre frå 2010-2013. Stortingspolitikar frå Sogn og Fjordane og medlem i Arbeid- og sosialkomiteen frå 2013-2017.
5. **Bjørn Lødemel:** Høgrepolitikar. Var ordførar for Hornindal kommune i perioden 1995-2009. Stortingspolitikar frå Sogn og Fjordane og medlem i Energi- og miljøkomiteen frå 2009-2013. Frå 2013-2017 var han medlem i Kommunalkomiteen.

Posisjonane til dei enkelte informantane har endra seg undervegs i catski-prosessen. I oversikta over viser eg difor også til enkelte tidlegare posisjonar. Dette meiner eg er vesentleg

då fleire av dei har hatt sentrale roller som dei har dratt nytte av undervegs i prosessen. I tillegg til dei fem nemnde informantane, har eg omtala enkelte personar i den kronologiske oversikta i kapittel 4, sjå visualisering under. Dei tidlegare profesjonelle snøbrettkøyrarane, Lars Eriksen og Jan Petter Solberg, har vorte nemnd av informantane som sentrale aktørar i delar av prosessen. Erna Solberg har ikkje vore direkte involvert i prosessen, men har uttala at ho er positiv til motorisert ferdsel og i prosessen vart ho valt som statsminister. Difor nemner eg også henne her.



Som oversikta viser, har eg ikkje gjort intervju med stortingspolitikarar frå andre parti enn Høgre og Venstre. I ettertid ser eg at eg kunne hatt nytte av å snakke med fleire sentrale politikarar, og dessutan tilsette i organisasjonar og byråkratiet. I staden valde eg å nytte meg av dokumentanalyse av offentlege dokument - som lovførebuande saksdokument og høyringane. Dette håpa eg skulle gi meg naudsynt grunnlag for å forstå saksgangen. Informantane i utvalet er hovudsakleg plukka ut på bakgrunn av graden av involvering i saka. Tal informantar er avgrensa for at det skulle vere meir overkomeleg å arbeide med datamaterialet i etterkant og med tanke på realistisk omfang og tidsbruk i høve til avgrensingane for denne studien. Eit kvalitativt intervju tek sikte på å gå i djupna. Utvalsstørelsen blir påverka av aspekt som tid og omfang, difor er det viktig at den ikkje er for stor (Dalland, 2017). Dunn (2016) peikar på at ein må ta val tidleg i studien for kva og kven ein skal inkludere i oppgåva. Målet mitt i denne studien var å få tilgang på godt materiale og klare å gå i djupna på det. Med omsyn til problemstillinga ser eg meg nøgd med å ha intervjuet fem sentrale informantar.

3.2.2 Informert samtykke

I eit forskingsprosjekt er det viktig å ta omsyn til at data ein samlar inn kan innehalde personopplysningar og informasjon som må behandlast og handterast på ein respektfull måte. Informantar må bli informert om overordna mål med studien og deira rett til å trekkje seg frå studien når som helst. Det er med andre ord ikkje nok å få eit “ja” frå informanten, dei må like fullt forstå kva dei samtykker til (Dowling, 2016). Konsekvensen av studien og deltakinga må difor bli vurdert i forkant av ein kvar intervjusituasjon. Ein må heile vegen ta stilling til kva informasjon det er naudsynt å inkludere i studien, og kva konsekvensar det kan ha for informanten i form av personleg eller sosial skade. Gjennom heile studien har eg vore bevisst på å informere informantane om prosjektet. Dei har også fått høve til å gjere sitatsjekk.

McLellan, MacQueen og Neidig (2003) peikar på at ein må ta stilling til anonymitet og konfidensialitet. Konfidensialiteten handlar om ei felles forståing frå forskaren og informanten om kva som skal og ikkje skal publiserast. I dei fleste masteroppgåver er informantane anonymiserte. Når det ikkje er gjort i denne oppgåva, er det på grunn av problemstillinga i studien, i tillegg til at det hadde vore utfordrande å gjennomføre i praksis ettersom informantane har hatt og har sentrale posisjonar som er vanskeleg å gjere anonyme. Målet med studien er å studere korleis relasjonar og posisjonar kan ha påverka prosessen fram mot lovvedtaket. Svært mykje hadde gått tapt dersom ein skulle gi ei framstilling som ikkje gjorde det mogleg å gjenkjenne informantane. Det vart difor tidleg søkt om løyve til studien til Norsk senter for forskningsdata (NSD), som er det nasjonale arkivet for forskningsdata i Noreg, og med bakgrunn i at informantane er vanskeleg å anonymisere, fekk eg prosjektet godkjent (sjå vedlegg 1). Når det syner seg vanskeleg å unngå identifiserbar informasjon, må informanten informerast og samtykke til dette (Kvale & Brinkmann, 2015). Ein må vidare kunne syne til at notat, opptak og transkripsjonar til ei kvar tid er sikkert lagra (Dowling, 2016). Alle møta med informantane starta med at eg fortalde om tema, problemstillinga, og kva deira bidrag innebar. Dei fekk i tillegg utdelt eit informasjonsskriv der det stod meir detaljert informasjon om studien, frivillig deltaking, taleopptakar, kontaktinformasjon og at eg skulle bruke fullt namn og posisjon (sjå vedlegg 2). Eg fekk informert samtykke hos alle. Denne startfasen blir ifølge Kvale og Brinkmann (2015) kalla briefing og er viktig for å kunne få ein fin opptakt til intervjuet.

3.2.2 Førebuing og gjennomføring av intervju

Før eg tok kontakt med dei aktuelle informantane, las eg meg opp på ei rekkje offentlege dokument knytt til catskiing. På denne måten fekk eg god oversikt over saksgangen og kven som var for og imot lovforslaget. Å ha satt seg godt inn i saka var til god hjelp når eg skulle vurdere kva spørsmål eg skulle ta med i intervjuguiden. Dette var særleg viktig då nokre av informantane kan omtalast som elitepersonar. Dette forklarar Kvale og Brinkmann (2015) som leiarar eller ekspertar som ofte blir spurde om sine meiningar og tankar. Undervegs i intervjuet kan dette truge maktbalansen mellom intervjuar og informant. For å unngå dette bør forskaren difor ha god kunnskap om temaet, og også om intervjupersonen sin sosiale status. «En intervjuer som demonstrerer at han eller hun er godt inne i intervjutemaet, vil få respekt og være i stand til å oppnå en viss grad av symmetri i intervjurelasjonen» (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 159). I forkant av kvart intervju gjorde eg bakgrunnsundersøkingar om alle informantane. Når det gjaldt politikarane, undersøkte eg kva parti dei representerte og kva rolle dei har hatt. Eg tok meg også tid til å lese avisartiklar der dei hadde uttala seg. Eg fekk inntrykk av at informantane sette pris på at eg hadde bakgrunnskunnskap om dei, noko som bidrog til ei betre atmosfære under intervjusituasjonen.

I motsetnad til kvantitative studier vil eit kvalitativt forskingsintervju produsere kunnskapen sosialt (Kvale & Brinkmann, 2009). Datainnsamlinga blir dermed gjennomført som ein kommunikasjonsprosess der intervjuet har samtaleform leia av tematiske rammer (Østbye et.al., 2013). Silverman (2015) skil mellom strukturert intervju, semi-strukturert intervju og ope intervju. Tidleg i prosessen valde eg semi-strukturert intervju som forskingsmetode. Denne intervjuforma er organisert rundt konkrete, men fleksible spørsmål (Dunn, 2016). Ved å velje denne intervjuforma kunne eg i mykje større grad opne opp for intervjuobjekta sine innfall og meiningar. Samstundes vil ei slik tematisk ramme gi fleksibilitet og rom for å stille oppfølgingsspørsmål. Det gir dermed ei moglegheit til å kome nærmare informanten sine refleksjonar og erfaringar. Eg hadde eit ønske om at intervjuet skulle bli oppfatta som ein samtale om prosessen, men lot informantane få prate fritt dersom dei sjølv kom med digresjonar. På denne måten kunne informantane kome inn på tema som eg ikkje hadde tenkt ut på førehand, men som dei sjølve syntest var viktige (Tjora, 2017).

Gentikow (2005) forklarer intervjuguide som ei grov skisse over dei viktigaste emna ein ønsker å diskutere i løpet av samtalen med informanten. Føremålet med ein intervjuguide er å leie intervjuaren gjennom intervjuet (Dalland, 2017). Før ein set i gang med å utforme sjølve intervjuguiden, er det som nemnd viktig å kartlegge situasjonen og dei enkelte informantane sin posisjon. Å inneha denne type generell bakgrunnskunnskap er svært viktig, både for å kunne stille dei mest relevante spørsmåla, men òg for å utnytte i størst mogleg grad tida som informanten har satt av til intervjuet (Crang & Cook, 2007). Vidare vil det òg avdekke viktige poeng som er viktig å få med i intervjuguiden. I ein intervjusituasjon bør intervjuaren legge til rette for å få mest mogleg fylldige svar, noko som ofte krev at ein har førebudd oppfølgingsspørsmål, og at ein aktivt følger med når informanten snakkar, slik ein kan følge opp med viktige utsegn og spørsmål. Det er ofte stor forskjell på informantar, der ikkje alle er komfortable med å opne seg i like stort grad. I slike tilfelle er det viktig at intervjuaren gir kvar informant nok tid til å tenke og reflektere, samstundes som ein er førebudd på oppfølgingsspørsmål som oppmuntrar til refleksjon og gjennomtenkte svar (Crang & Cook, 2007).

Ein standardisert intervjuguide ville vore lite nyttig i denne studien. Sjølv om temaet er det same for alle intervjuar, var det ofte heilt konkrete avgjersler eller hendingar eg ville spørje den enkelte informant om. Eg utarbeidde difor ein sjølvstendig intervjuguide til kvart enkelt intervju. Det var likevel mange av dei same hovudproblemstillingane, og oppbygginga av intervjuguiden var lik. I sjølve utforminga av intervjuguidane tok eg utgangspunkt i det teoretiske rammeverket og tema eg ønskte å ha fokus på under intervjuar. Eg la også vekt på dramaturgien i intervjuet, der ein startar og avsluttar intervjuet med forholdsvis enkle spørsmål for å gjere informanten komfortabel i situasjonen. Dramaturgi er såleis effektivt for eit godt intervju. «Dramaturgy seems to provide sufficient conceptual weaponry to confront fabrications» (Hunt & Bedford, 2011, s. 14). Thagaard (2013) meiner ein god start på eit intervju kan vere å ta føre seg informanten sin bakgrunn som utdanning og/eller yrkeserfaring. Dei meir krevjande spørsmåla bør først kome når det er god flyt i samtalen. Som opningsspørsmål tok eg føre meg bakgrunnen til informantane, før eg stilte spørsmål om kvifor dei vart involvert i prosessen med catskiing. Avslutningsvis spurde eg om dei var nøgd med prosessen, og om det var noko dei kunne tenke seg å ha gjort annleis. Etter å ha klargjort

dei ulike intervjuguidane, førebudde eg meg ved å sørge for at eg hadde tilstrekkeleg med utstyr for å kunne gjere opptak under intervjuet.

Intervjuguiden fungerte stort sett som ei sjekklister opp mot dei overordna tema vi skulle gjennom. I nokre tilfelle vart det naturleg å vike frå denne, då interesse og engasjement gav ein naturleg flyt i samtalen. Denne flyten syntest eg var viktig å ikkje bryte. Sjølv om eg hadde utforma intervjuguiden med ei naturleg rekkefølge på spørsmåla, syntest eg det var viktig at informantane kunne ta intervjuet litt i den retninga dei sjølve ønskte. På den måten var det tydeleg kva dei vurderte som viktige og interessante tema. Samstundes var det viktig at eg som intervjuar kunne leie dei tilbake til saka dersom det sklei ut. Informantane fekk ikkje tilsendt intervjuguiden på førehand, men dei hadde fått vite noko om kva tema det skulle snakkast om. At dei fekk vite dette på førehand syntest eg var naudsynt, slik at dei fekk høve til å tenke gjennom tematikken på førehand, noko som gav betre føresetnader for å kunne svare på spørsmål. Politiske saker er ofte sensitive å snakke om. Det var difor spennande om informantane var villige til å opne seg og dele tankar og meiningar. Eg opplevde i fleire situasjonar at dette var krevjande, men at ein ved å stille spørsmåla på andre måtar gjorde det enklare.

I alle møta med informantane blei det småprat før sjølve intervjuet starta. Ifølge Kvale og Brinkmann (2015) er dei første minutta avgjerande. Å skape god kontakt gjennom å vise interesse og forståing kan bidra til at informanten viser meir velvilje. På bakgrunn av tema for oppgåva var eg sjølv sagt nysgjerrig på status i prosessen. Dette gjorde at det var ein god dialog frå starten av. For å sikre ein god dialog er det viktig å kjenne seg vel med intervjuobjektet. Intervjuet med Stein Bjørhovde og Mats Jonsson vart gjennomført i deira eigne heimar. Intervjuet med Bjørn Lødemel, Sveinung Rotevatn og Alfred Bjørlo vart gjennomført på deira eigne kontor. Eg såg det som ein fordel at intervjuar vart gjennomført i kjente omgjevnadar for informantane. Dette kan ha bidrege til at dei har følt seg komfortable under intervjuar, og at samtalanane har vore prega av avslappa stemning. Eg opplevde ei stor grad av konsentrasjon frå informantane, med unntak av to intervju. Intervjuet med Bjørn Lødemel vart fleire gongar avbrote på grunn av telefonsamtalar. Intervjuet med Mads Jonsson vart eit par gongar avbrote på grunn av støy. Med den første informanten, Stein Bjørhovde, måtte eg ta intervjuet to gongar på grunn av tekniske utfordringar. Då eg kom heim frå

intervjuet første gong og skulle overføre lydfile frå mobiltelefonen til datamaskinen, viste det seg etter dialog med ein kyndig tekniskar, at lydfile var øydelagt. Eg måtte difor ringe tilbake til informanten og be han om å stille opp på ny. Han var heldigvis svært velvillig, og vi fekk avtalt eit nytt tidspunkt få dagar etter. Dette intervjuet vart sjølvsagt prega av at han kjende til spørsmåla frå før, men eg opplevde at intervjuet vart endå betre enn det første. Dette kan sjølvsagt forklarast med at eg hadde møtt han før og vorte “varm i trøya”. Resten av intervjuet gjekk bra, og informasjonen eg har fått frå informantane har gitt meg eit godt og relevant datamateriale, som etter mi vurdering er eit naudsynt utgangspunkt for å kunne svare på problemstillinga.

I mange samanhengar kan intervjuguiden vere avgjerande for kvaliteten på datamateriale. Om forskaren ikkje har sett seg tilstrekkeleg inn i temaet og saka, kan dette øydelegge intervjuet og det påfølgande datamaterialet (Thagaard, 2013). Sjølv om eg i hovudsak er godt nøgd med gjennomføringa av intervjuet og meiner at datamaterialet held høg kvalitet, ser eg i ettertid at det hadde vore betre å utforma fleire oppfølgingsspørsmål, særleg knytt til det reint politiske som for fleire av informantane var eit sensitivt område å snakke om. Nokre av spørsmåla kunne nok også vore litt tydelegare, noko som nok er eit resultat av lite erfaring med intervju som metode og forskingsprosjekt generelt.

3.3 Dokumentanalyse

Duedahl og Jacobsen (2010, s. 14) definerer dokumentanalyse slik:

(...) den detaljerede undersøgelse af dokumenter der er produceret på tværs af en række forskellige sociale praksisser og som kan antage en variete af udtryksformer fra det skrevne ord til visuelle billeder. Betydningen af dokumenterne kan lokaliseres i de historiske omstændigheder, hvorunder de er skabt i deres cirkulasjon og modtagelse samt ligeledes i de sociale funktioner, fortolkninger, effekter og anvedelse der associeres med dem

Denne definisjonen legg grunnlag for mange val og variasjonar i metoden. Dokumentanalyse er ein type kvalitativ innhaldsanalyse der forskaren samlar inn data som skal analyserast for å få fram viktige samanhengar og relevant informasjon som det eller dei tilhøva i samfunnet vi ønsker å studere (Grønmo, 2004). Thagaard (2013) forklarar at dokumentanalyse skil seg frå data som forskaren sjølv har samla inn ved at dokumenta er skrivne for eit anna føremål enn det forskaren skal nytte dei til. Med dokument meiner ein alle skriftlege kjelder som er tilgjengeleg for forskaren. Ved å analysere denne type dokument får ein skaffa seg

informasjon utover det informantane sjølve har produsert (Tjora, 2017). Å gå systematisk gjennom dokument omtalar Grønmo (2004) som *kvalitativ innhaldsanalyse*. Dette blir gjort ved å kategorisere innhaldet og registrere kjelder som skal bli undersøkt. Grønmo (2004) trekker fram tre element det er viktig å ha med i denne gjennomgangen: i) foreta kjeldekritiske og kontekstuelle vurderingar, ii) velje ut og registrere relevant innhald og iii) kategorisere det relevante innhaldet.

Ved hjelp av dokumentanalyse var eg ute etter å kartlegge og få oversikt over prosessen frå visjonen om å tilby catskiing kommersielt vart skapt på Harpefossen, til Eid kommune vart plukka ut som ein av seks kommunar til å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Ifølge Østbye et.al., (2013) kan dokument tene to føremålet i ein studie: Dei kan vere sjølve forskingsobjektet, eller dei kan fungere som kjelde for forskinga. Dokumenta i denne studien blei brukt som kjelde til å kartlegge prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing. Føremålet med dokumentanalysen var ikkje å vurdere dei ulike dokumenta, men å å gi ei beskriving av denne prosessen og analysere kva faktorar som var avgjerande for gjennomslaget.

3.3.1 Kjeldekritikk

I samband med ein dokumentanalyse skal ein vere kritisk til kjeldene og ein skal vurdere om dei har relevans for studien (Grønmo, 2004). Eg har vore målretta i utvalet av dokument og har difor før dokumenta vart samla inn klargjort at dei har relevans for min studie. Dalland (2017) skriv at kjeldekritikk er dei metodane ein brukar for å slå fast om ei kjelde er sann. Når det gjeld kjeldekritiske og kontekstuelle vurderingar, trekker Grønmo (2004) fram at det er relevant å sjå på kjelda si tilgjengelegheit, relevans, autentisitet og truverdigheit. Tekstane som blir valde ut, må også i størst mogleg grad vere truverdige, noko som krev at forskaren er kritisk i utveljinga. I utveljinga av dokument la eg vekt på å ha stor breidde i utvalet av dokument. Vidare har eg vore observant på kven som har utarbeidd dokumenta, då dette er viktig for å sjå kva føremålet med dokumentet har vore.

3.3.2 Val av dokument

Dei ulike dokumenta som eg har nytta i denne studien, blei valde ut på grunnlag av problemstillinga. Det har difor vore relevant å sjå på dokument som vart produserte i høve saksgangen, slik som stortingsmeldingar, stortingsproposisjonar, oppdragsbrev, høyringsbrev,

høyringsvar, pressemeldingar og faglege tilrådingar. Alle desse er offentleg tilgjengelege dokument som eg fann på Miljødirektoratet og regjeringa sine vevsider ved søk på «catskiing». Desse dokumenta er utforma av fleire aktørar, og mange av dei er produserte av offentlege institusjonar. I tillegg har søknadar og andre saksdokument utforma av Eid kommune vore sentrale. I tillegg til å hente desse dokumenta frå Eid kommune si vevside, har eg fått nokre tilsendt per e-post frå ordførar Alfred Bjørlo. Nedanfor presenterer eg dei viktigaste dokumenta. Alle dokumenta som er nytta i studien er ført opp i litteraturlista (sjå vedlegg 3 for oversikt over høyringsinnspela).

Søknad om Catski på Harpefossen som eit nasjonalt pilotprosjekt innanfor utlyst forsøksordning for snøscooterløyper

Denne søknaden er utforma av Eid kommune og er ei beskriving av det planlagde catski-tilbodet ved Harpefossen skisenter. Dokumentet er ikkje offentleg, men er motteke per e-post frå ordførar i Eid kommune, Alfred Bjørlo. Dokumentet har tilført viktig informasjon om bakgrunnen og planane for catski på Harpefossen.

Høyringsinnspel

På oppdrag av Klima- og miljødepartementet utforma og sendte Miljødirektoratet ut eit høyringsbrev til 53 instansar og organisasjonar. Miljødirektoratet mottok 83 høyringsinnspel. Desse dokumenta er offentlege og gav eit viktig grunnlag for å analysere kven som var for og imot lovforslaget, og kva som var argumentasjonen til dei enkelte instansane og organisasjonane.

Prop. 83 L (2016–2017) Endringer i motorferdselloven (forsøksordning for catskiing)

Denne proposisjonen til Stortinget er utforma av Klima- og miljødepartementet og inneheld forslag til lovvedtak for endringar i motorferdsellova med forsøksordning for catskiing. Forslaget bygger på forslaget som Miljødirektoratet sendte på høyring. Dokumentet som har ti kapittel, omtalar mellom anna hovudinnhaldet i proposisjonen, den gjeldande retten, bakgrunnen for lovendringa, høyringsforslaget, tilrådinga frå Miljødirektoratet, departementet sine vurderingar og økonomiske og administrative konsekvensar. Dette dokumentet er offentleg og har vore viktig for å få ein heilskap i prosessen.

3.4 Analyse

Vitskaplege studier blir kjenneteikna ved at behandling av empiri blir gjennomført på ein systematisk måte. Det blir vektlagt at empirien skal belyse problemstillinga. Vidare vil eg gjere greie for korleis eg har tilrettelagt og analysert datamaterialet, både dei kvalitative intervjua og dei utvalde dokumenta.

3.4.1 Kvalitative intervju

Kvale og Brinkmann (2015) seier at ein transkripsjon er ei konkret omdanning av ein munnleg samtale til ei skriftleg tekst. Eg valde å transkribere intervjua kort tid etter kvart enkelt intervju. Dette viste seg å vere svært verdifullt då eg framleis hugsar stemninga og mykje av det som blei sagt av informantane. Dette blir peika på som hensiktsmessig då eit intervju er eit direkte sosialt samspel, og vil bli oppfatta annleis i skriftleg form (Kvale & Brinkmann, 2009). Ved å transkribere går ein glipp av kroppsspråk og gestar, samt informantens sitt tonefall. Likevel er det viktig å transkribere. Utilstrekkeleg informasjon trugar heile integriteten til forskinga (McLellan et.al., 2003). Ei nøye transkribering fører også at ein kan strukturere samtalane, noko som gjere det enklare å analysere dei (Kvale og Brinkmann, 2015). Transkribering er ein tidkrevjande prosess, men der det lot seg gjennomføre fekk eg transkribert ferdig intervjua før eg hadde avtale med nye informantar. Dette viste seg å vere fornuftig då eg kunne forbetre intervjuteknikken min fortløpande. For å vere mest mogleg effektiv skrudde eg ned hastigheita på lydfilene slik at eg kunne skrive medan eg høyrde på. For å normalisere transkripsjonane valde eg å transkribere intervjua på morsmålet til informantane. Difor er tre av intervjua transkriberte på nynorsk, medan dei to resterande er transkriberte til bokmål. Etter at transkriberinga var gjennomført, fekk kvar av informantane tilsendt heile intervjuet som eg gjorde med dei. Nokre av informantane hadde eit ønske om at enkelte språklege justeringar blei gjort, slik at sitata gav ei mindre munnleg framstilling. I nokre av sitata er det difor gjort mindre språklege justeringar. Andre informantar ønskte at bestemte utsegner om personar ikkje skulle bli brukt. Desse er difor ikkje tekne med i oppgåva. Dette har ikkje vore særleg viktige poeng og skal difor ikkje ha nemneverdig innverknad på resultatet av studien.

Alle forskarar må kunne organisere, behandle og hente ut det viktigaste og mest avgjerande datagrunnlaget (Coffey & Atkinson, 1996). Kategorisering er nyttig både for å kunne

analysere datamaterialet, og for å kunne fokusere problemstillinga og kartlegge informasjonen kring ulike tema. Dette viser seg å vere ein krevjande prosess. Grønmo (2004) strekar under at dataanalysen startar allereie under intervjuet og med det går føre seg parallelt med innsamlinga av data. Som forskar må ein heile tida tolke informantane sine svar for å kunne kome med oppfølgingsspørsmål. I løpet av transkriberinga var det også behov for å analysere. Resten av analysen skjer etter innsamlinga av datamaterialet. Å analysere data vil seie at ein avdekkar mønster i datamaterialet. Korleis ein vel å analysere blir bestemt ut i frå problemstillinga. Intervjuguiden var delt inn i fleire delar. Allereie her starta kategoriseringa, då eg i best mogleg grad forsøkte å ha ein lik struktur på alle intervjuet. For å kunne få høveleg oversikt over datamaterialet var det viktig å plassere det i ulike kategoriar. Problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka om catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?*, inneheld to spørsmål. Det vart difor naturleg å kategorisere datamaterialet med utgangspunkt i desse spørsmåla. Ved å markere med ulike fargar fekk eg god oversikt og kunne vidare kople utsegnene opp mot teorien.

Ein forskar si attforteljing av informantane sine utsagt vil alltid innebere tolkningar. For å vere mest mogleg tru mot informantane sine ytringar, vil eg nytte meg av sitat gjennom både den kronologiske oversikta i kapittel 4 og analysen i kapittel 5. Teikna (...) markerer at eg har utelate delar av eit utsagn som etter mi meining ikkje er relevant. Av og til viser informanten til noko eller nokon som har vore omtalt tidlegare, og som ikkje er inkludert i det bestemte sitatet. For å hjelpe lesaren til å forstå kva eller kven det er informanten viser til står det utelate ordet eller namnet i hakeparentes. I nokre tilfelle har eg også satt inn eit ord for at setningane skal vere enklare å forstå for lesaren. I desse setningane står ordet i parentes.

For å vere mest mogleg tru mot informantane, fekk kvar av informantane tilsendt heile oppgåva før innlevering. At informantane skulle få høve til å kome med innspel var også ein lovnad som vart gitt i forkant av kvart enkelt intervju. Ein av informantane hadde innspel på faktaopplysningar om seg sjølv og bad om justering på eit sitat. Dette var berre ei språkleg justering og har ingen innverknad på resultatet av studien.

3.4.2 Dokumentanalyse

Grønmo (2004) peikar på at ei typisk utfordring ved innhaldsanalyse er at forskaren sitt perspektiv kan påverke utveljinga og tolking av teksta. Dette kan resultere i at relevante tekstar blir utelatne, sjølv om dei ville vere relevante med tanke på problemstillinga. Sjølve tolkinga av tekstane kan også bli påverka av forskaren sitt perspektiv. Dermed kan ein risikere å tolke innhaldet på ein einseitig måte. Johannessen, Tufte og Christoffersen. (2010) skriv at det ofte er ei utfordring i kvalitative forskningsopplegg å få noko fornuftig ut av store mengder ustrukturerte data. Difor er det sentralt å ha ein plan for å organisere kvalitative data.

Føremålet med analyseprosessen er å få fram meiningsinnhaldet i dokumenta (Johannessen et al., 2010). Etter at dokumenta eg skulle analysere var valde ut, gjekk eg systematisk gjennom kvart einskilt dokument og registrerte alt relevant innhald. Deretter kategoriserte eg det relevante innhaldet på bakgrunn av problemstillinga. Vidare laga eg ei tidslinje der eg under kvar kategori fylte inn det som passa frå dei ulike dokumenta. For å halde styr på kva dokument eg henta kva frå, brukte eg ulike fargar og kopla opp teksten med det originale dokumentet. Dette viste seg å bli mykje meir omfattande enn eg hadde tenkt på førehand. Det var difor naudsynt å komprimere omfanget og velje ut det mest sentrale for problemstillinga, før eg skreiv over teksta i ein samanhengande tekst, slik det blir framstilt i kapittel 4.

3.4 Kvaliteten på empirien

Det er vanleg å skilje mellom to overordna kriterium når det gjeld metodisk kvalitet: *reliabilitet* og *validitet*. Reliabilitet refererer til datamaterialet si pålitelegheit, medan validitet handlar om gyldigheita til datamaterialet i forhold til gitt problemstilling, og om korleis funna kan bli gjort allmenngyldige (Østbye et al., 2007). I kvalitative studier finst det ingen standardiserte metodar for å teste graden av reliabilitet og validitet (Grønmo, 2015). Dette heng saman med at det ikkje er ein like systematisk framgangsmåte som ved kvantitative studium. Med bakgrunn i dette er det foreslått av fleire forskarar som til dømes Thagaard (2013), at reliabilitet og validitet blir bytt ut med omgrepa *truverdighet* og *bekreftbarhet*. Grønmo (2015) peikar likevel på at sjølv om ein brukar ulike omgrep, er det dei same vurderingane. I denne samanheng har eg difor valt å halde meg til omgrepa reliabilitet og validitet. Å vurdere reliabilitet og validitet handlar om å vurdere studien sin etterprøvarheit,

operasjonalisering og generaliserbarheit. I dei følgjande avsnitta har eg vurdert kvaliteten til studien.

3.4.1 Reliabilitet

Grønmo (2004, s. 423) definerer reliabilitet slik:

Betegnelse på datamaterialets pålitelighet. Høy reliabilitet innebærer at undersøkelsen er gjennomført på en nøyaktig måte. Reliabiliteten kommer til uttrykk ved at vi får identiske data dersom vi bruker det samme undersøkelsesopplegget ved ulike innsamlinger av data om de samme fenomenene.

Med andre ord seier reliabilitet noko om kor påliteleg data frå undersøkinga er, kva data som vert brukt, på kva måte dei er samla inn og på kva måte dei vert omarbeidde på (Kvale & Brinkmann, 2015). Poenget med reliabilitet er å minimere feil og skeivheiter i ein studie (Yin, 2009). Dersom data er samla inn på ein nøyaktig og systematisk måte, skal ein i prinsippet kunne utføre dei same stega og få det same resultatet. Likevel peiker Grønmo (2015) på at det i praksis er umogleg å gjennomføre den same forskinga ein gong til, då den er avhengig av når den blei gjennomført og kven som gjennomførte den.

Når det gjeld reliabiliteten i denne studien, strekar eg under at eg heile vegen har reflektert over eigne val. Det har vore særleg viktig i samband med tileigning av kunnskap om temaet og mitt engasjement kring informantane. Tilgang til informasjon, endeleg utval, datainnsamling, analyse og endeleg resultat er alle påverka av val eg har teke undervegs. Det er avgjerande at forskaren argumenterer for reliabiliteten gjennom heile prosjektet ved å ha ei transparent og kritisk haldning til kvar del av studiet (Thagaard, 2013). Det er difor viktig å ha ei mest mogleg openheit kring innsamlinga. Gjennom ei aktiv grunngjeving for val av metode, framgangsmåte og kjeldebruk har eg ambisjon om å skape klarheit for den einskilde lesar. Ved å vurdere forskaren sin eigen posisjon, og ta omsyn til presise transkripsjonar, vil ein auke reliabiliteten. Informantane i dette prosjektet har vore opne og entusiastiske ovanfor prosjektet, og eg har ikkje oppfatta at dei har hatt problem med å stole på meg. Kvar av informantane har også fått tilsendt både transkripsjonane og den ferdige oppgåva. Dette har bidrege til å sikre at utsegna er riktig tolka og at faktaopplysningane er riktige. I dokumentanalysen kan forskaren sine perspektiv påverke utveljinga og tolking av tekstane. Det same gjeld for kvalitative intervju. Difor er sjølvrefleksjon eit viktig prinsipp for den

kvalitative forskinga (Gentikow, 2005). Gjennom heile studien har eg lagt vekt på å vere bevisst på denne problemstillinga og prøvd å forhalde meg så objektiv som mogleg til datamaterialet. For å styrke krava om etterprøvbarheit har eg valt å legge ved intervjuguidane (sjå vedlegg 4).

3.4.2 Validitet

Robson (2002, s. 93) definerer validitet på følgande måte: «Validity is concerned with whether the findings are really about what they appear to be about». På norsk kan validitet omsetjast til om innsamlinga av datamaterialet kan reknast som gyldig for den valde problemstillinga (Grønmo, 2015). Med andre ord fortel validiteten i forskingsarbeidet om det er samanheng mellom fenomenet som blir undersøkt og dei data som er samla inn (Thagaard, 2013). Dette er noko som forskaren skal fokusere på under heile forskingsprosessen (Kvale & Brinkmann, 2009). Som nemnd finst det ikkje nokon systematisk og presis måte for å teste validiteten i kvalitative studiar. For å vurdere validiteten er det difor viktig at ein er systematisk og kritisk til val av metode, datainnsamlinga og datamaterialet. Blant anna kjem det fram i Thagaard (2013) at dersom det skal vere validitet i forskinga bør forskaren gjere greie for korleis relasjonane til informantane, og tilhøva under samtalan, har vore med på å påverke resultatata. På denne måten kan tolkingane overførast og ha gyldigheit i andre samanhengar og prosjekt (Baxter & Jack, 2008). Dette er med på å bygge opp eit sterkare teoretisk grunnlag. Dette vert ein naturleg del av ei masteroppgåve, som i stor grad styrker seg sjølv ved å syne til tidlegare teoriar som kan settast i samanheng med den aktuelle studien. Som nemnd tidlegare, er det vanskeleg å etterprøve eit kvalitativt forskingsprosjekt, men eg håpar at ei kritisk tilnærming gjennom heile studien, er med på å styrke validiteten og det endelege resultatet.

Vidare følger ei visuell framstilling av den politiske prosessen. Deretter går eg kronologisk gjennom dei viktigaste hendingane i den politiske prosessen bak etablering av ei forsøksordning med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune.


2007 - 2008



Harpefossen Skisenter har behov for å auke inntektene og undersøker moglegheitene for å tilby catskiing



Ifølge Motorferdsellova er catskiing ulovleg i Noreg og ei lovendring må til



Tilfeldig møter Stein Bjørhovde snøbrettkøyrar Lars Eriksen. Han har høyrte om catski-planane og ønsker å realisere ideen




Mads Jonsson og Jan Petter Solberg kontakter Stein Bjørhovde. Saman kontaktar dei ordførar Alfred Bjørlo (V) som støttar prosjektet



Alle toppkandidatane i Sogn og Fjordane er samla til eit møte om catski-prosjektet på Harpefossen



Høgre-leiar Erna Solberg lovar å ta grep som skal gjere det lettare å få lov til å drive med motorisert ferdsel i utmark



Regjeringsskifte frå raudgrøn til blåblå. dei lokale politikarane Bjørn Lødemel (H) og Sveinung Rotevatn (V) representerer Sogn og Fjordane



Eid kommune legg inn trasear for catskiing i kommuneplanen

2015



På oppdrag av Klima og miljødepartementet sender Miljødirektoratet ut høyringsbrev. 83 innspel blir sendt inn

2017



Stortinget vedtek å opne for catskiing i eksisterande alpinanlegg som eit forsøk på inntil seks år

2018



Miljødirektoratet inviterer kommuner til å søke. Eid kommune blir plukka ut som ei av seks kommuner til å delta i forsøket

2019



Catski AS kjøper sine første maskiner og gjennomfører dei første turane på Harpefossen

4 Kronologisk oversikt over den politiske prosessen

I dette kapitlet skal eg gi ei kronologisk oversikt over dei viktigaste hendingane i prosessen frå visjonen om å tilby catskiing kommersielt vart skapt på Harpefossen, til Eid kommune vart plukka ut som ein av seks kommunar til å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Sidan prosessen har gått over lang tid, er det ikkje mogleg å omtale alle hendingane eller avgjerane. Målet med kapitlet er å skildre prosessen slik at ein som lesar kan ha eit aktivt forhold til det komande analysekapitlet som skal svare på problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?* Hovudvekta av datagrunnlaget for dette kapitlet kjem frå ulike dokument som har vorte produserte i høve saksgangen, slik som høyringsbrev, høyringsinnspel og lovførebuande saksdokument. Søknadar og andre saksdokument utforma av Eid kommune har også vore sentrale. I tillegg har materialet frå intervju med dei fem informantane tilført viktige opplysningar.

Kapitlet er delt i fire delar. I første del tek eg føre meg prosessen frå visjonen om å tilby catskiing kommersielt vart skapt, til Harpefossen skisenter og Catski AS fekk forankra planane lokalt i Eid kommune. Vidare ser eg på korleis aktørane arbeidde for å få forankra planane nasjonalt. I tredje del presenterer eg resultatane frå høyringsrunda. Avslutningsvis går eg gjennom saksgangen fram til Eid kommune vart plukka ut som ein av seks kommunar til å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing.

4.1 Lokal forankring

I 1967 blei Harpefossen skisenter i Eid kommune etablert.

Vi er opptatt av å få flest mulig ut i aktivitet rundt skisenteret. Og vi ønsker å ha en økonomi slik at heisene går rundt og at vi kan ha et stabilt og godt tilbud og produsere snø og tilby vinter til flest mulig, lengst mulig hvert eneste år (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018)

Skisenteret, som er eigd av Stårheim Idrettslag og Haugen Idrettslag, hadde i mange år hatt økonomiske utfordringar og hadde behov for å auke inntektene. «Det har hele tiden vært snakk om at man må få opp økonomien, men det å bygge nye skitrekke var ikke noe vi tenkte

på fordi vi hadde så dårlig råd» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). Som eit ledd i dette gjennomførte dei i byrjinga av år 2000 fleire tiltak slik som å gjere skitrekket familievenleg og satse på hytteutbygging. På eit møte i desember 2007 kom Stein Bjørhovde, styreleiar i Harpefossen skisenter, i kontakt med Anders Waage Nilsen. Han er prosjektleiar i dåverande Innovativ Fjordturisme og tipsa Bjørhovde om at Harpefossen burde tenke på å starte med catskiing. Bjørhovde synes ideen var god, og i ein e-post 13. desember 2007 sendte han følgjande til involverte partar i Harpefossen skisenter:

Foreslår at vi satsar på å bli første anlegg i Norge med catskiing. (...) Det var Anders_Waage Nilsen som tipset om dette på møtet vi hadde om billettsamarbeid på Utvikfjellet onsdag. Innovativ Fjordturisme vil støtte det første anlegget som er ute med et slikt opplegg. Han mener at i forhold til framtidig satsing bør vi satse på et mest mulig familievennlig anlegg kombinert med spissede produkter som f.eks. catskiing. Han mener det er fullt ut realistisk å trekke utenlandske turister på et slikt opplegg (S. Bjørhovde, e-post, 13. desember 2007).

Parallelt med å kontakte Eid kommune om hjelp i prosessen, sendte Bjørhovde ein førespurnad til Miljødirektoratet.

Harpefossen Skisenter ligger i Eid kommune i Sogn og Fjordane. Vi ønsker å vurdere muligheten for enkelte dager i året å kunne transportere grupper med skikjørere opp på en topp som ligger bakenfor avstigningen på fjellheisen. Det er her snakk om en avstand på ca. 2 km. Transporten er tenkt foretatt med trakkemaskin påmontert passasjermodul med kapasitet på 10 personer. Størstedel av traseen som vil bli benyttet til transporten blir i dag trafikkert av trakkemaskin for å preparere skiløyper. Tilbudet er planlagt etablert for å gi frikjørere et bedre tilbud og samtidig kunne utnytte fjelltopper til skikjøring som er vanskelig utbygd med heis pga. Økonomi. Vi har sendt en henvendelse til Eid kommune ang. prosjektet, men ønsker parallelt å sette oss inn i hvilke muligheter og begrensninger gjeldende lovverk gir for denne type ferdsel. I og med værforholdene vil antall dager med transport begrense seg til ca. 10 (S. Bjørhovde, e-post, 07. februar 2018).

Til svar fekk han at catskiing er ein ulovleg aktivitet ifølge Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova).

Bruk av trakkemaskin for transport av skiturister til en fjelltopp som erstatning for skiheis, faller etter DN's fortolkning utenfor rammen for hva kommunen kan tillate etter dispensasjonshjemmelen i nasjonal forskrift § 6 og er en form for motorferdsel som er forbudt etter motorferdselloven (S. Gundersen, e-post, 16. april 2018).

Same dag sendte Bjørhovde oppfølgingsspørsmålet «Kan dere klargjøre hvordan forholdet er mhp. transport av passasjerer internt i skisenteret, og hvordan forholdet hadde stilt seg om vi hadde godkjenning til å lage en heis opp til den aktuelle fjelltoppen?» (S. Bjørhovde, e-post, 16. april 2008). Til svar fekk han «Det er uten betydning i forhold til motorferdsellovens regler om den ønskede motorferdselen er tenkt å foregå i eller utenfor et eksisterende eller

godkjent, men ikke utbygd skianlegg» (S. Gundersen, e-post, 18. april 2008). Svaret frå Miljødirektoratet betyr at ein må til med ei lovendring for at Harpefossen skisenter skal kunne tilby catskiing lovleg. På denne tida er ikkje Eid kommune særleg ivrige for å legge til rette, og Innovasjon Norge og Fylkesmannen er skeptiske:

Vi var tidlig ute å prøve og få med Innovasjon Norge, men der var svaret at så lenge det var tvil om det var en lovlig aktivitet eller ikke så kunne de ikke støtte. Innovasjon Norge var inne og støtta Harpefossen ellers, det var de. Men akkurat den catski-greia kvia de seg for. Fylkesmannen fikk tak i korrespondansen med departementet og direktoratet og sa at dette var noe han kanskje ikke skulle mene så veldig mye om før de hadde bestemt seg i sentrale styresmakter (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

Heller ikkje Sogn og Fjordane fylkeskommune kunne støtte prosjektet så lenge det var ein ulovleg aktivitet. På grunn av lite velvilje frå fleire sentrale aktørar vart ideen liggande på vent nokre år før Stein Bjørhovde i 2012 møtte snøbrettprofilen Lars Eriksen på surfetur i Hoddevika. Han hadde høyrte om planane for catski på Harpefossen, og tok i etterkant kontakt.

Han hadde en interesse for å utvikle virksomheter rundt catskiing og reiseliv her i regionen knyttet til surfing på Stad og så at pakketeringen var en greie. Utover høsten hadde vi en prosess og trodde vel at det var mer planekjøring enn det i etterkant har vist seg å være. Det ble veldig fokus på hvordan vi skulle rigge det praktisk. (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

Tragisk nok mista Eriksen livet i ei skredulykke desember same året. Planane vart difor liggande på vent igjen fram til kjente av Eriksen i snøbrettmiljøet, Mads Jonsson og Jan Petter Solberg, tok kontakt. Dei er profesjonelle snøbrettkøyrarar og ønskte å flytte til Nordfjord og drive med catskiing. Stein Bjørhovde fortel:

De hadde mye kontakter, og konkret så kunne de trekke på kompetanse fra utlandet og dra det hit for å rigge aktiviteten her. Vi hadde jo tenkt mer en transportvirksomhet i forhold til catski som en erstatning til et skitrekk. Men de tenkte mye mer reiseliv og turisme. Det skulle være et eksklusivt produkt og et høyt priset produkt. Og det skulle ligge inne med både overnatting og mat og hele den biten der. (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

Stein Bjørhovde og Harpefossen skisenter hadde no trekt til seg folk med kompetanse om catskiing. Neste steg er å sikre seg støtte i det politiske miljøet i Eid. Ikkje lenge etter at Mads Jonsson hadde kontakta Sveinung Rotevatn vart Alfred Bjørlo (V) med 43,9 prosent av røystene hausten 2011 valt til ny ordførar for Eid kommune (Fauske, 2011). Når han blei kontakta av Harpefossen skisenter og Catski AS om planane for catskiing ved Harpefossen tente han på ideen, og meinte aktiviteten kunne bidra til næringsutvikling:

(...) det kan gi eit grunnlag for styrka god driftsmodell for eit skisenter i distrikts-Noreg. Det er velkjend at det er krevjande å drive små skisenter i distriktet. Det er økonomisk krevjande fordi du har mindre kundegrunnlag enn dei store motorane som Trysil og Hafjell og heile pakka. Så det er noko med å opne for sånne tilleggstilbod som vil gje ein meir robust driftsmodell, gje auka inntekter og gje eit litt betre stå-på for verdiskaping, altså for opplevingsbasert vinterturisme (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018).

At Alfred Bjørlo som ordførar viste interesse for catskiing, heng tett saman med det Regjeringa meiner er dei kommunane som lukkast best med stadsutvikling:

Kommuner som lykkes best med sin stedsutvikling, evner å påta seg rollen som aktive samfunnsutviklere. De har også et helhetlig, langsiktig og overordnet grep på arbeidet, og spiller på lag med innbyggere og lokalt næringsliv. Kommunene kjennetegnes også gjennom et tydelig politisk lederskap som ser muligheter der andre ser begrensninger, og som tør å vise mot og ta nye grep i utviklingen av stedet. Ved å gi spillerom for all den kreativitet, skaperkraft og engasjement som finnes i lokalsamfunnet, øker mulighetene for å lykkes med arbeidet, samtidig som lokaldemokratiet kan styrkes (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2018).

Ettersom Bjørlo som ordførar er avhengig av at eit politisk fleirtal støtta saka, tok han det opp i kommunestyret og det politiske miljøet i Eid: «Det viste seg at det var veldig brei støtte om dette i heile det politiske miljøet i Eid» (A. Bjørlo intervju, 26. oktober 2018). Som omtala i kapittel 2.2 er kommunane sine oppgåver å arbeide for interessene til dei som bur der. Kva ein skal arbeide med, og kva innhaldet i oppgåvene skal vere blir bestemt av representative folkevalde med kommunestyret i leiinga (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014). At Alfred Bjørlo fekk støtte for catskiing i det politiske miljøet i Eid, var viktig for å kunne påverke regjeringa. Stein Bjørhovde bekreftar at konstallasjonen med Harpefossen skisenter, dei profesjonelle snøbrettkøyrarane og den nyvalde ordføraren i kommunen var viktig for framdrifta:

(...) da begynte ballen å rulle igjen. [Mads Jonsson og Catski AS] hadde mye fokus på å få det til og da kom også kommunen på bana. Da rigga en mye av det man har arbeidd med i ettertid som kontakter inn mot regjering og Stortinget (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

På same tid som Harpefossen skisenter og Eid kommune arbeidde for catskiing, gjekk den politiske debatten kring endring for bruk av motorkøyretoy i utmark og islagde vassdrag. 31. mai 2013 sendte Klima- og miljødepartementet eit forslag om nasjonal forsøksordning med etablering av snøscooterløyper på høyring. Her blir også kommunar inviterte til å søkje om deltaking, og 12. juni 2013 vedtok Samfunnsutviklingsutvalet i Eid kommune at kommunen kan søkje om deltaking. Søknaden til Eid kommune som skal vere avgrensa til å gjelde catskiing i Hjelmelandsdalen fekk rådmannen fullmakt til å utarbeide i samarbeid med

Harpefossen skisenter (Eid kommune, udatert). I kommunestyret 20. juni 2013 blei innstillinga til Samfunnsutviklingsutvalet vedteke, og i eit brev datert 22. august 2013 støttar Sogn og Fjordane fylkeskommune søknaden. Dei meiner etablering av catski vil føre til mindre fysiske anlegg, og vere ein mindre økonomisk risiko for Harpefossen. Dei meiner også at catskiing vil gi eit auka tilbod til naturopplevingar som kan auke attraktiviteten til fylket og regionen (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2013). 27. august 2013 sendte Eid kommune innspel til Miljødepartementet om at forsøksordninga med etablering av snøscooterløyper også skal omfatte catskiing. Ein dag seinare sendte ordførar Alfred Bjørlo søknaden om å delta i forsøksordninga slik at kommunen kan etablere løyper for catski knytt til Harpefossen skisenter (Eid kommune, 2013c). Reiselivsmeldinga frå 2016-2017 tek føre seg berekraft og lønsemd som grunnleggjande for norsk reiseliv:

Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særegne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling. Levende lokalsamfunn, god tilrettelegging og egnede rammer rundt opplevelsen er viktig når turister skal bestemme hvor de ønsker å dra (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017).

I søknaden til Miljøverndepartementet peikar Bjørlo på at catski kan vere eit svar på Regjeringa sin reiselivsstrategi:

Catski på Harpefossen har eit potensiale som eit unikt opplevingsprodukt med dei naturgitte fortrinna som Norge og Sogn og Fjordane har. Catski kopla mot surfing på Stad i vinterhalvåret vil gjere Norge og Sogn og Fjordane til ein attraktiv vinterdestinasjon og vil kunne tiltrekke seg eit spennande internasjonalt brukarsegment med høg betalingsvilje (Eid kommune, 2013b).

4.2 Nasjonal forankring

Gjennom valkampen i 2013 inviterte Harpefossen skisenter saman med Nordfjord vekst og Reisemål Stryn og Nordfjord alle toppkandidatane i Sogn og Fjordane til eit møte om catskiprosjektet. Stein Bjørhovde fortel om bakgrunnen for møtet:

Det var stortingsvalg den høsten og da hadde man skjont at man måtte ha med seg styresmaktene om man skulle få lov til dette, enten det gjaldt å tolke det eksisterende regelverket til vår fordel eller å endre det. Samtidig måtte dette forankres breitt for dersom det ble mye uenigheter rundt så ville det fort utvikle seg negativt. Dette skulle være noe positivt for Harpefossen, det var iallfall det viktigste for oss (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

Møtet som vart initiert av Alfred Bjørlo, vart halde på Harpefossen skisenter 13. august 2013. Bjørlo er klar på kva målet for møtet var: «(...) alle skulle få innføring i saka og vere kjend med den». (A. Bjørlo, intervju 26. oktober 2018). Blant fylkespolitikarane møtte

fylkesvaraordfører Jenny Følling (Sp), Stortingsrepresentantane Erling Sande (Sp) og Bjørn Lødemel (H), som begge sit i Energi- og miljøkomiteen på Stortinget, Erling Sande som er leiar, Frank Willy Djuvik (FrP), Kristin Maurstad (Ap), Hege Lothe (Sv) og leiar i unge Venstre, Sveinung Rotevatn. I tillegg stilte fleire lokale politikarar og fylkespolitikarar (Meirik, 2013). Kort tid etter det politiske møtet på Harpefossen gjekk Høgre-leiar Erna Solberg ut og lova å ta grep i regjeringa som skal gjere det lettare å få lov til å drive med motorisert ferdsel i utmark, slik som heliskiing, catskiing og snøskuterbasert skikøyring (Hegvik, 2013).

9. september 2013 var det stortingsval som førte til eit regjeringsskifte frå raudgrøn til blåblå regjering bestående av Høgre og Frp, med støtte frå Venstre og KrF i Stortinget. Bjørn Lødemel (H) frå Hornindal i Sogn og Fjordane blei valt inn for ein ny periode og vart medlem i Energi- og miljøkomiteen. I tillegg kom Sveinung Rotevatn (V) frå Eid inn på Stortinget og vart medlem av Arbeids- og sosialkomiteen. Eid kommune var no landets største Venstre-kommune og hadde fått ein sentral lokalpolitikar inn på Stortinget. Bjørn Lødemel meiner regjeringsskiftet var avgjerande: «Viss ikkje hadde det ikkje blitt. Det er eg ganske sikker på. «(...) Det hadde vorte eit dokument 8 på Stortinget som hadde vorte nedstemt. Punktum» (B. Lødemel, intervju 3. oktober 2018). Dette blir ikkje støtta av Sveinung Rotevatn som meiner det ikkje hadde så mykje å seie kven som var i regjering:

(...) eg trur nok at den offensiven som blei satt i gang på snøskuterar ikkje bidrog positivt for å få til dette med catskiing som var ein litt meir sann begrensa problemstilling. Så eg trur ikkje nødvendigvis at det Solberg-regjeringa gjorde dei første åra bidrog positivt. (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018).

Alfred Bjørlo meiner likevel at regjeringsskiftet gjorde prosessen enklare:

(...) når du hadde ei regjering der du hadde to parti som begge var positive gjorde det nok enklare enn viss du hadde ei regjering med parti som var innbyrdes uenige. Men samstundes er mi oppleving at det har vore viktig med personane. Viktige personar som Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn som har vore stortingsrepresentantar frå fylket som har vore engasjert og opptekne av å prøve og få det til. Og som har arbeidd inn mot sine for å få framdrift i saka. (...) Det er jo inga hemmelegheit at embetsverket og direktorata har vore skeptiske og kritiske. Og då er det ikkje nok at du har sann passiv politisk støtte, du må ha ei aktiv politisk støtte. (A. Bjørlo, intervju 26. oktober 2018).

28. oktober 2013 sendte Alfred Bjørlo ein søknad til Klima- og miljødepartementet og bad om eit møte med politisk leiing for å presentere saka. Ein månad etter at søknaden vart sendt, blei Bjørlo oppringt av statssekretæren som ønskte å få til eit møte snarast råd. I møtet som vart

gjennomført 9. desember stilte Alfred Bjørlo saman med Stein Bjørhovde og Bjørn Lødemel. Her vart catski som konsept og planane til Harpefossen skisenter presentert. Dette møtet vart også Stein Bjørhovde med på (A. Bjørlo, e-post, 12. mars 2019). I same periode gjekk debatten om etablering av rekreasjonsløyper for snøskuterkøyring vidare. Catskiing vart ikkje inkludert i denne saka, så Eid kommune bad Klima- og miljødepartementet om ei avklaring. Til svar fekk Eid kommune at saka må behandlast separat fordi det er eit anna køyretøy enn snøskuter. Alfred Bjørlo er klar på at dette truleg var ein fordel:

(...) Det er klart, sjølv om det vart ei eiga sak så fekk du og ein masse høyringsinnspel og offentleg debatt med aktørar som prøvde å framstille dette som ei generell opening. Men det var jo mykje lettare etter mitt syn å tilbakevise tydeleg når det var ei eiga sak. Det hadde vore verre om det var ein del av ei stor sak om motorisert ferdsel i utmark (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018)

Hausten 2013 vart Catski AS etablert av Mads Jonsson som leiar, og ein fekk sikra seg domenet catski.no. Dei fekk også produsert ein reportasje som vart sendt på TV2 i mars 2014. Her blir ein i over fem minutt presentert for catski-planane ved Harpefossen skisenter og tanken om å kombinere catskiing med blant anna surfing i Hoddevika (Silden, 2014).

Alle kommunar i Noreg skal ha ein kommuneplan (Plan- og bygningslova, 2008, §11-1). Denne er kommunen sitt overordna styringsdokument og styrande for all planlegging i norske kommunar. I juli 2015 blir Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027 for Eid kommune vedteke i Kommunestyret, også forklart som den overordna planen for arealdisponering i kommunen. Ein av strategiane i planen omhandlar å støtte opp under utvikling av Harpefossen skisenter/hyttetrend ved å sette av areal slik at skisenteret kan utvide sin aktivitet i området, også tenkt som trasear for catskiing (Eid kommune, 2019, s. 20). «Gjennom ein kommuneplanprosess så er alle instansar inne. Viss kommuna då kan peike ut ein trase der ein skal få lov til å gjere dette her så vil ein få høyring og ei skikkeleg behandling». (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018). Sveinung Rotevatn trur dette fotarbeidet var viktig «(...) det er som regel ein føresetnad for at sånne prosessar i det heile tatt skal gå» (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018).

4.3 Høyringsrunde

26. oktober 2015 sendte Klima- og miljødepartementet ut oppdrag til Miljødirektoratet om å utarbeide høyringsbrev om catskiing og el-syklar. I oppdragsbrevet vart det lagt fram to

alternativ. Eit alternativ der tilgangen til å opne for catskiing er avgrensa til eksisterande alpinanlegg. Det andre alternativet inneber at også andre områder kan bli tekne i bruk (Klima- og miljødepartementet, 2015b). Stein Bjørhovde meiner det var eit smart grep å legge fram to alternativ:

Det at det ble rigget med to alternativ var et veldig sånn smart trekk for da synliggjorde du litt at dette ikke var et fullt frislepp, men at det var knyttet til eksisterende alpinanlegg. (...) For det var jo litt av vitsen at en skulle støtte aktivitet i de eksisterende skianlegga. Det skulle ikke være en ny type fjellaktivitet i Norge. Det var jo at du skulle bygge et lite tilleggsprodukt til de som allerede har bygd ned fjellet med skiheiser og andre installasjoner som nødvendigvis er der (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

Dette blir stadfesta av Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn. «Om ein hadde slept det fri så hadde det vore mykje tøffare» (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018). «Den tilknytninga til skianlegg trur eg har vore heilt sentral. For då kunne du forklare til folk at det ikkje blir noko meir bråk på ein måte. For alle som har vore i eit skianlegg veit at det bråkar noko voldsomt». (S. Rotevatn, intervju, 24.10.2018). Forslaget om at catskiing skulle vere avgrensa til eksisterande alpinanlegg vart allereie lagt fram av Eid kommune i søknaden frå 2013. «Catski på Harpefossen legg opp til avgrensa køyring med trakkemaskin til 5 utvalde løyper som er knytt til skisenteret sitt eksisterande løypenett innan langrenn og alpint, og ikkje ubegrensa ferdsel» (Eid kommune, 2013b).

29. oktober 2015 sendte Miljødirektoratet ut høyringsbrevet om forslag til endringar i regelverket for motorferdsel i utmark (Miljødirektoratet, 2015). Klima- og miljøvernminister, Trine Sundtoft, kommenterte sjølv begrunnelsen for å sende ut ei høyring: «Jeg mener det er riktig å få frem de ulike hensynene som taler for og imot gjennom en bred høring, og vil ta stilling til om forslagene skal gjennomføres når vi får inn høringsuttalelsene» (Klima- og miljødepartementet, 2015c). Høyringsbrevet vart sendt til ei adresseliste på 53 høyringsinstansar og lagt ut på Miljødirektoratet si nettside. Etter fristen 18. desember 2015 hadde Miljødirektoratet motteke 83 høyringsinnspel frå både kommunar, fylkeskommunar, Fylkesmannen, departement, direktorat, myndigheiter og organisasjonar, villreinnemnder og private personar.

Miljødirektoratet mottok innspel frå 23 kommunar. Av desse var det 12 kommunar som støtta forslaget om å opne for catskiing, særleg med bakgrunn i at catskiing kan bidra til å styrke næringslivet, stimulere til auka turisme og utvikling av kommunar som reisemål. Av desse 12 var det 7 kommunar som støtta alternativ 2, grunngjeve med at det kunne gi gode moglegheiter for dei kommunane som ikkje har alpinanlegg. Av dei andre kommunane støtta både Eid og Jølster, alternativet der catskiing blir avgrensa til eksisterande alpinanlegg. Heile 10 kommunar uttrykte at dei er negative til forslaget og viste særleg til omsynet til friluftsliv, naturmangfald og sikkerheit. Dersom det likevel skulle bli eit lovforslag, var det ønskeleg at alternativ 1 skulle ligge til grunn. I uttalen frå Eid kommune vart det lagt vekt på at det er viktig å legge til rette for nye næringar i distrikta:

Eid kommune meiner at lovforslag nummer 1 gjev moglegheit for å skape ein god balanse mellom omsyna til friluftsliv og naturmangfald på den eine sida og omsynet til reiselivsnæringa på den andre. Catskiing avgrensa til område for etablerte skisenter vil gje moglegheiter for vidare vekst og utvikling for skisentera, og næringa kan bli viktig for å halde oppe driftsgrunnlaga for desse (Eid kommune, 2015).

Også i høyringsinnspelet frå Harpefossen skisenter ved Stein Bjørhovde vart det lagt vekt på moglegheita for vekst ved alternativ 1:

Bakgrunnen for at Harpefossen ønsker å tilby catski er for å styrke driftsgrunnlaget for skisenteret. Vi er derfor opptatt av at det er alt. 1 som blir vedtatt, dvs. at virksomheten kun kan drives ut fra etablerte alpinanlegg. I motsatt fall vil vi faktisk kunne ende opp med mange nye konkurrenter og et svekket driftsgrunnlag (Harpefossen skisenter, 2015).

Seks fylkeskommunar uttalte seg. Finnmark fylkeskommune støtta alternativ 2, medan Trøndelag støtta alternativ 1. Aust-Agder fylkeskommune og Vest-Agder fylkeskommune var skeptiske til forslaget, medan Hedmark ikkje hadde noko klar formeinng om ein støttar forslaget eller ikkje. Heile 11 fylkesmenn sendte inn høyringsinnspel. Dei fleste negative, men ved ei eventuell opning var det tilrådd å gå for alternativ 1. Ei rekke myndigheiter og organisasjonar sendte også inn høyringsinnspel, og mellom anna Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Innovasjon Norge, NHO Reiseliv og LO, Virke Reise, Den norske turistforeining (DNT), Norsk Friluftsliv, Noregs Skiforbund var skeptiske til framlegga. I ein felles uttale frå NHO Reiseliv og LO vart det vist til det naturbaserte reiseliv som ei viktig merkevare:

NHO Reiseliv og LO mener at catskiing bryter med bærebjelkene i norsk reiseliv. Vi frykter at de signalene det gir å vurdere åpne opp for catskiing, vil kunne være med på å ødelegge den merkevaren norsk reiseliv har bygget opp over lang tid og som i dag gir uttelling og resultater (NHO Reiseliv og Landsorganisasjonen i Norge, 2015, s. 1).

Fleire av høringsinstansane som Norsk Friluftsliv peika også på faren for ei utholing av regelverket:

Norsk Friluftsliv ønsker ikke mer motorisert ferdsel i norsk natur og går derfor sterkt imot begge alternativene som skisseres for åpning for catskiing. Det er ikke lenge siden det ble åpnet for fornøyleskjøring med snøscooter, og Norsk Friluftsliv vil advare mot å åpne for enda en ny form for motorisert ferdsel til nytte og fornøyelse (Norsk Friluftsliv, 2015, s. 1).

1. mars 2016 rådde Miljødirektoratet frå at regelverket blei endra slik at catskiing blir tillate i Noreg, noko dei meinte høyringane i stor grad underbygde.

4.4 Saksgangen

5. april 2017 la Klima- og miljødepartementet fram tilrådinga om å opne for eit forsøk om catskiing. Same dag fremja regjeringa lovforslaget som vart tildelt Energi- og miljøkomiteen ved saksordførar Odd Henriksen (H).

Departementet foreslår at motorferdselloven § 4 a endres slik at departementet gis hjemmel til å gi forskrift om kommunalt forsøk om løyper for persontransport med tyngre beltekjøretøy på vinterføre til utgangspunkt for alpin skikjøring (catskiing). Forsøksordningen begrenses til seks år og et representativt utvalg bestående av seks kommuner. Ordningen skal evalueres etter fire år. Evalueringen ferdigstilles slik at en eventuelt permanent lovendring kan tre i kraft før forsøksordningen utløper (Klima- og miljødepartementet, 2017, s. 5).

16. april 2017 stod det eit innlegg i Aftenposten med tittelen *Protest mot Regjeringens frislipp av elsykler og beltevogner*. Her uttalte fleire norske organisasjonar som Norsk Friluftsliv og DNT at dei førebur seg til kamp og vil gjere det dei kan for å overbevise Stortinget om å seie nei til forslaget (Olsen, 2017). Få dagar etter innlegget i Aftenposten, 23. april 2017, fekk Alfred Bjørlo publisert ein kommentar i Aftenposten med følgande tittel *Regjeringen og beltevogner: Det motsette av frislepp*. Her forklarar Bjørlo lovforslaget.

Framlegget Regjeringa har lagt på bordet er definitivt ikkje eit frislepp. Det er ei fornuftig, restriktiv og sterkt avgrensa tilnærming til å gjere naturen rundt enkelte alpinanlegg litt lettare tilgjengeleg – utan å byggje seg oppover i fjellet med heisanlegg og gondolar (Bjørlo, 2017).

Bjørlo brukte også plass til å fortelje om Harpefossen skisenter som er drive takka vere eldsjeler og dugnadsinnsats frå hundrevis av frivillige. «Eg kan også forsikre at det i vårt

arbeid med catskiing ikkje ligg nokre pengegriske, multinasjonale kapitalkrefter bak med skumle mål om å øydeleggje norsk natur» (Bjørlo, 2017).

2. juni 2017 vart første handsaming gjennomført på Stortinget. I voteringa over innstillinga si tilråding var 84 for og 11 imot. Av dei som stemte imot var det berre representantar frå Sosialistisk Venstreparti (SV) og Kristelig Folkeparti (KrF). I voteringa over lova si overskrift og lova i sin heilskap var 81 for og 10 imot. Av desse var det i tillegg til SV og KrF ei motstemme i Miljøpartiet De Grønne. 16. juni 2017 vart Lovvedtak 96 (2016-2017) sanksjonert.

Departementet kan i inntil seks kommunar gi kommunestyret, eller annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer, myndighet til i forskrift å fastsette løyper for persontransport med beltekjøretøy på vinterføre til utgangspunkter for alpin skikjøring (catskiing) som et forsøk på inntil seks år. Forsøket kan ikke forlenges. Løypene skal ta utgangspunkt i eksisterende alpinanlegg (Forsøksordning for catskiing, 2017, §4 a)

16. januar 2018 inviterte Miljødirektoratet kommunar med eksisterande alpinanlegg som er interessert i å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing til å søke (Miljødirektoratet, 2018). Til fristen 28. februar 2018 hadde Miljødirektoratet motteke søknadar frå sju kommunar, og 10. mai 2018 fekk Eid, Jølster, Oppdal, Stryn, Surnadal og Vang kommune beskjed om at dei var peika ut til å få delta i forsøket (Meirik, 2018). I mars 2019, over tolv år etter at ideen dukka opp, fekk Catski AS kjøpt inn nødvendig maskiner og starta opp med den nye reiselivsaktiviteten ved Harpefossen skisenter i Eid kommune.

5 Analyse

I dette kapitlet skal eg sjå på kva effekt ressursane til aktørane har hatt på den politiske prosessen og dermed på val av strategiar for påverknad. Målet med kapitlet er at det skal gi grunnlag for å svare på problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?* Hovudvekta av datagrunnlaget for dette kapitlet kjem frå informasjonen som er presentert i kapittel 4 og frå intervju med informantane.

Kapitlet er delt i tre delar. I første del tek eg føre meg korleis aktørane sikra seg støtte i det politiske miljøet i Eid og hos sentrale stortingspolitikarar. Vidare ser eg på bruken av strategiar for politisk påverknad med utgangspunkt i Binderkrantz (2005) sin teori om påverknadsstrategiar. Til slutt tek eg utgangspunkt i Bourdieu (1984) og ser på i kva grad ressursane til aktørane har påverka tilgangen til dei politiske arenene og dermed val av strategiar for påverknad.

5.1 Catski som reiselivsprodukt

Opphavleg tenkte Harpefossen skisenter at catskiing skulle vere eit alternativ til å bygge nye skiheiser, slik at ein kunne frakte dei besøkande opp til ønska fjelltoppar i området. Men etter at Catski AS kom inn i biletet vart det tenkt mykje større der ein ønskte å kombinere aktiviteten med blant anna surfing på Stad. «Vi ønsker å ta tak i to av de mest usynlige perlene vi har; surfing på Stad og vinterbiten og kombinere det sammen, noe som er helt helt ukjent for det norske folk» (M. Jonsson, intervju, 5. oktober 2018). I profileringa av prosjektet vart det såleis ikkje berre fokusert på tiltak som er direkte knytt til Harpefossen skisenter. Det blei også peika på tiltak som er viktige for at Sogn og Fjordane og Noreg kan vere ein attraktiv vinterdestinasjon som trekker til seg eit spennande internasjonalt kundesegment med høg betalingsvilje. Dei meiner såleis at ei satsing av Harpefossen skisenter er eit viktig bidrag til bulyst og rekruttering, og bidreg dermed til næringsutvikling i regionen. Dette synet på næringsutvikling var sentral i argumentasjonen ovanfor dei ulike beslutningstakarane. I utgreiingane blei det fokusert på at catski som reiselivsprodukt er i tråd med overordna strategiske satsingar i reiselivsnæringa, både lokalt i Nordfjord og Sogn og

Fjordane og nasjonalt. Aktørane har med andre ord ikkje berre fokusert på catskiing i seg sjølv, men bevisst forsøkt å plassere catski inn i ein større samanheng. På denne måten har ein arbeidd for å gjere det mange vil karakterisere som ei særinteresse-sak, til ein del av ein breiare debatt om næringsutvikling. «Fundamentet for å drive med aktiviteten fremstod som logisk og fornuftig og noe som alle kunne stille seg bak» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). Sveinung Rotevatn stadfestar at han trur catskiing kan vere eit ledd i å få fleire vinterturistar til Noreg:

Skianlegga er jo som oftast oppteke av at dei skal ha mange bein å stå på, ha mange ulike tilbod. Folk har ganske ulike preferansar og interesser så for skituristar er det nok litt sånn at jo meir jo betre. (...) Det er ein grunn til at desse skianlegga er veldig for å få lov (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018).

Å argumentere for at catskiing kan bidra til å gjere Noreg og Sogn og Fjordane til ein meir attraktiv vinterdestinasjon heng saman med Raknes og Solhjell (2018) sitt råd *Fortel kva du kan gjere for landet ditt*. Dei meiner det er enklare å overtyde politikarar dersom det kan løyse eit problem, som til dømes å etablere produkt som lokkar fleire vinterturistar til Noreg. Ved å koble catskiing til nasjonale satsingar for reiseliv fekk ein dermed lagt eit godt grunnlag for å sikre seg støtte hos politikarane. Dette kan ein også koble opp til det ein omtalar som medialisering. Ved å fremje saker som er på dagsordenen, får ein meir mediemerksmd.

5.2 Bruk av strategiar for politisk påverknad

Ifølge Skirbekk (2015) handlar strategisk politisk kommunikasjon ikkje om å bruke ein eller to teknikkar, men om å bruke heile spekteret av teknikkar for å nå sine politiske mål. Også Raknes og Solhjell (2018) peikar på at det i politiske prosessar er naudsynt å ha ein strategi. Denne skal få summen av handlingar og enkeltpersonar til å henge saman og drage mot målet. Det er difor naturleg at informantane i prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing har nytta seg av fleire ulike strategiar for å oppnå politisk støtte. Med utgangspunkt i Binderkrantz (2005) sin teori vil eg vidare diskutere kva strategiar for politisk påverknad aktørane har nytta seg av i den politiske prosessen.

Direkte kontakt med beslutningstakarar viser seg å vere ei gjennomgåande handling til aktørane i den politiske prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing. Dette blir av Binderkrantz (2005) omtala som direkte påverknadsstrategiar, og har som hovudmål å bygge

relasjonar. Som kapittel 4 viser, tok Stein Bjørhovde allereie i 2008 kontakt med Miljødirektoratet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Eid kommune for å få støtte i prosjektet. Med andre ord prøvde Bjørhovde tidleg i prosessen å få saka på dagsordenen gjennom bruk av direkte strategiar gjennom den administrative kanalen. Dette heng saman med det Ihlen og Gullberg (2015) omtalar som lobbyverksemd. Men det var når Alfred Bjørlo og Eid kommune kom på bana at hjula byrja å rulle. «Det var litt tilfeldig til å begynne med, så fikk man et skikkelig grep om det når Alfred Bjørlo som er ordfører kom på banen og vi fikk en skikkelig plan over det» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). Bjørhovde fortel vidare: «Det at kommunen kom på banen og var tydelig på at dette her skulle de støtte og få til, og at de faktisk vedtok catski-løyper i kommuneplanen på tross av Fylkeskommunen si tilråding var sterke signaler og veldig viktig» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). Når Bjørlo vart kontakta i 2012 tok han opp planane for catskiing med det politiske miljøet på Eid og tok initiativ til det politiske møtet på Harpefossen:

Vi har gjort ganske mykje i Eid kommune med å legge fram skriftleg materiale og kome med høyringsinnspel. Vi har jo sjølv prøvd å beskrive våre høyringsinnspel, korleis eit regelverk kan utformast for å gi ei innramming som var politisk mogleg. Så det som har vore mi rolle som ordførar er å få oversendt det og overbrakt den informasjonen til Bjørn [Lødemel] og Sveinung [Rotevatn] og snakke med dei (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018).

At han sjølv har stått for mykje av den direkte kontakta, legg han ikkje skjul på: «Dette har vore mykje sånn direkte kontakt med politikar som eg har gjort, i tillegg til dei meir formelle innspela vi har gitt til departementet i ulike samanhengar» (A. Bjørlo intervju, 26. oktober 2018). Kontakt med både lokale og sentrale politikarar er døme på bruk av direkte strategiar gjennom den parlamentariske kanalen (Binderkrantz, 2005). Å invitere til det politiske møtet på Harpefossen bidrog til at Harpefossen skisenter og Eid kommune fekk presentert planane for catskiing for ei rekkje viktige beslutningstakarar. Dette møtet meiner Sveinung Rotevatn var viktig: «(...) det er alltid bra å kunne knytte ei konkret oppleving til ei sak. Det å vite korleis det ser ut der, kven som jobbar der. Klart det hjelpe når du sit der med sakspapira framfor deg på eit tidspunkt» (S. Rotevatn, intervju 24. oktober 2018). Dette blir også bekrefta av Bjørn Lødemel:

(...) når dei vise kvalitet så er det mykje lettare å henge seg på. Om det hadde vore noko jallagreie oppe i bakkane der så hadde det verka mot si hensikt. Så den seriøsiteten som Eid og Harpefossen har vist trur eg har vore veldig viktig (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018).

Å vere i direkte kontakt med fleire sentrale politikarar bidrog til at Eid kommune og Harpefossen skisenter fekk gitt informasjon om catskiing direkte til viktige beslutningstakarar, noko som er viktig for å kunne vinne innflytelse på den parlamentariske dagsordenen. Esbensen (2012) argumenterer for at ein ved å gi informasjon på denne måten unngår at budskapet blir forvrengt. Alfred Bjørlo tok også initiativ til å få ordne eit fysisk møte med politisk leiing i Klima- og miljødepartementet. Å vere i direkte kontakt med beslutningstakarar som utarbeider lovforslaga er eit privilegert høve til å servere løysingar. Dette er ofte politisk krevjande, men noko Bjørlo meiner er viktig i politiske prosessar: «Du må vere innstilt på å hjelpe dei som skal ta ei avgjersle til å fortelje nøyaktig kva dei skal gjere, beskrive ei løysing. Ikkje berre beskrive eit problem, men beskrive ei løysing» (A. Bjørlo intervju, 26. oktober 2018). Som vist i kapittel 4 var Eid kommune klar på at tilbodet med catskiing i kommunen skulle vere avgrensa til det eksisterande skianlegget. Dette vart også lagt vekt på i høyringsinnspelet. Å sende inn høyringar blir av Binderkrantz (2005) omtala som direkte strategiar gjennom den administrative kanalen. Ved å sjå tilbake på Raknes og Solhjell (2018) sine råd for effektiv politiske påverknad heng dette saman med rådet *Lever løysinga*. At Eid kommune, i tillegg til å ha direkte kontakt med beslutningstakarar og innsending av høyringsinnspel, la inn catskitraseane i kommuneplanen før det var opna for nasjonalt, viste at dei var målbevisst og hadde ein strategi. «Det at kommunen kom på banen og var tydelig på at dette her skulle de støtte og få til, og at de faktisk vedtok catski-løyper i kommuneplanen på tross av Fylkeskommunen si tilråding var sterke signaler og veldig viktig» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). Bjørlo bekreftar at det å legge inn traseane i kommuneplanen før det var godkjent nasjonalt var eit strategisk grep:

(...) vi hadde ein samla tankegang og ein samla logikk i det vi dreiv med. (...) Så i alle fall det samla grepet om at vi såg at det var vegen å gå for å få det godkjent, var at du må ha ei form for forankring i kommuneplanen, og det er jo det som har kome i nasjonalt lovverk. (...) Det trur eg kanskje var nøkkelen for at vi til slutt fekk ein modell i nasjonal forsøksordning som er mogleg å få til (A. Bjørlo intervju, 26. oktober 2018).

I tillegg til direkte kontakt med viktige beslutningstakarar viser kapittel 4 at informantane sikra seg omtale i media. Dette blir av Binderkrantz (2005) omtala som indirekte påverknadsstrategiar og har som hensikt å sette press på beslutningstakarane. McCombs

(2004) peikar på at publikum sin dagsorden stort sett er det same som media sin dagsorden. I 2014 blir tv-reportasjen om planane for catskiing på Harpefossen sendt på TV2. Mads Jonsson som blir profilert i tv-reportasjen starta karriera som profesjonell snøbrettkøyrar allereie etter vidaregåande og køyrde i mange år for det amerikanske snøbrettmerket Burton Snowboards. Jonsson legg ikkje skjul på at bakgrunnen hans som profesjonell snøbrettkøyrar og erfaring med catskiing har vore ein fordel:

(...) grunnen til at jeg sitter her i dag er vel ene og alene fordi jeg var snowboarder og hadde noe å komme med. Fordi det er ingen i Norge som driver med catskiing. Det er sikkert folk i Norge som har kjørt like mye catskiing som meg, men jeg har sett det litt fra en unik vinkel. Det er lett å selge inn og lett og vise med karriere-highlights og sånn at jeg faktisk har gjort det (M. Jonsson, intervju, 5. oktober 2018).

At tusenvis av sjåarar blir eksponert for tv-reportasjen som viser konseptet i praksis, utan negative vinklingar, førte til at catski-prosjektet blei løfta positivt fram på dagsordenen. Stein Bjørhovde stadfestar at denne merksemda som Mads Jonsson og Catski AS stod bak var viktig for prosjektet: «At vi fikk den oppmerksomheten og ble satt på kartet, var et av hovedmotivene for å starte med det». (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). I 2017, før lovforslaget om catskiing var vedteke, fekk også Alfred Bjørlo sendt inn ein kommentar til Aftenposten som eit motsvar på protesten frå organisasjonane som Norsk Friluftsliv. På denne måten fekk Bjørlo kome med Eid kommune sitt syn medan saka framleis var på den politiske og mediale dagsorden. Som kommunal polititar nytta han seg dermed av verkemiddel som ein kjenner igjen frå teori og omgrep som medialisering. Dette heng truleg saman med at Alfred Bjørlo er klar over media sin *indirekte* påverknad over kva som blir diskutert politisk. På denne måten bidrog han til å påverke mediebialetet. Raknes og Solhjell (2018) omtalar det å utvikle gode argument der ein skaffar fram fakta og kunnskapsgrunnlag som ei grunnleggande oppgåve for alle som ønsker å påverke andre. Dersom det dukkar opp feil er det avgjerande korleis ein handterar det. Bjørlo meiner sjølv det var viktig å korrigere misforståingane. «Viss ikkje kunne den saka fort sklidd ut på eit sidespor så usakeleg og valdsame dei opphavlege angrepa på ordninga var» (A. Bjørlo, intervju, 26.10.2018). Ifølge Sveinung Rotevatn var innlegget i Aftenposten ei viktig korrigerering for å klargjere fakta og forklare folk at dette var noko anna enn snøskuterkøyring på vinteren. «Det var nok ein av dei viktigaste tinga ein gjorde» (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018).

5.3 Ressursar sin påverknad

I kapittel 2.4 blei det argumentert for at dei ulike kapitalformene som er samla i eit individ sin habitus påverkar kven som har størst moglegheit til å lukkast med kommunikasjon (Ihlen, 2007). Det er difor mange faktorar som har betydning for om ein lukkast med politiske prosessar. Ifølge Binderkrantz og Krøyer (2012) kan ressursane til aktørane påverke val av strategi for politisk påverknad. Med bakgrunn i Bourdieu (1984) sin teori om kapitalformer er eg difor interessert i å sjå på i kva grad ressursane til aktørane kan ha påverka tilgangen til dei politiske arenane og vidare val av strategi for politisk påverknad.

Eit individ eller ei gruppe sitt sosiale nettverk og fordelane ved å vere medlem i nettverk blir omtala som sosial kapital. Denne kapitalen blir ifølge Aakvaag (2008) bestemt av storleiken på nettverket ein har rundt seg, i tillegg til mengda økonomisk, kulturell og symbolsk kapital nettverket har samla sett. I denne studien viser fleire av informantane til at relasjonar har vore viktig for framdrifta i den politiske prosessen. Gjennom prosessen har Alfred Bjørlo gitt løpande informasjon om status til Mads Jonsson og Catski AS. Dei har halde seg bevisst utanfor den politiske prosessen, noko Bjørlo meiner var strategisk riktig:

Det er noko med å opne for sånne tilleggstilbod som vil gi ein meir robust driftsmodell, gi auka inntekter og gi eit litt betre stå-på for verdiskaping, altså for opplevingsbasert vinterturisme og verdiskaping som følge med det. Så det perspektivet tenke eg ein har oppnådd ved at Eid kommune og til dels Harpefossen skisenter har fronta saka, ikkje bedrifta Catski AS (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018).

Denne rollefordelinga synes også Mads Jonsson har vore viktig for framdrifta i prosessen:

(...) jeg har ikke hatt noe med den politiske prosessen å gjøre. Og det vil vi sannsynligvis heller ikke ha. Det er det som er så flott med kommunen og Alfred [Bjørlo], samt måten Bjørn [Lødemel] og Alfred [Bjørlo] jobber på; de ser konseptet, de hører på det vi sier så går de å gjør den politiske biten. Så får vi fokusere på det som er viktig (M. Jonsson, intervju, 5. oktober 2018).

I motsetnad til Mads Jonsson, kjende Alfred Bjørlo både Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn som hadde direkte relasjon til beslutningstakarar på Stortinget. Å bygge nettverk på denne måten meiner Raknes og Solhjell (2018) er avgjerande for å lukkast i politiske prosessar. Når Venstre og Alfred Bjørlo i 2011 fekk nesten femti prosent av stemmene i kommunevalet, var Eid landets største venstrekommune. Etter regjeringsskiftet i 2013 kom partikollega Sveinung Rotevatn frå Eid inn på Stortinget. I tillegg vart venstrepolitikaren Ola

Elvestuen valt som leiar for Energi- og miljøkomiteen. Dette førte til at Alfred Bjørlo hadde kort avstand til partikolleger i sentrale posisjonar. At Sveinung Rotevatn vart kontakta av ordføraren i heimkommunen som representerte sitt eige parti bidrog til at han viste interesse for saka om catskiing: «Når ein blir kontakta av ordførar frå sitt eige parti så lyttar ein til dei. (...) Dette var i tillegg mitt eige valdistrikt, mi eiga heimkommune. Det gjer at du fangar litt ekstra interesse kontra det du ellers ville ha gjort» (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018). «Det er viktig at eg er frå Eid. Det er viktig at Venstre hadde ordføraren på Eid og at Venstre hadde ønske om at Eid skal gjer det bra» (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018). Rotevatn peikar vidare på at dei personlege relasjonane har vore viktige:

(...) det personlege er veldig viktig for å få ei sak prioritert. Politikarane ønske jo alt godt, men det er klart det hjelpe at du kjenne den som dytta på for prosjektet lokalt og at det er korte linjer og at du ønska at dei skal gjere det bra. Ikkje sant, det at Alfred [Bjørlo] kjenne meg og eg kjenne Ola [Elvestuen] og sånt det hjelpe jo det (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018).

Å ha god relasjon med Sveinung Rotevatn meiner også Alfred Bjørlo har vore viktig: «Det at eg og Sveinung [Rotevatn] har kjent saka så godt og hatt ei lokal interesse for å få dette til, førte til at Venstre har backa Solberg-regjeringa, det trur eg har vore viktig» (A. Bjørlo, intervju, 26 oktober 2018). Dette viser at relasjonar til viktige beslutningstakarar har fungert som dørøpningar i den politiske prosessen. Dette heng saman med Ihlen og Robstad (2004) som meiner sosial kapital kan bli forstått som relasjonsbygging. I tillegg til Sveinung Rotevatn vart Bjørn Lødemel (H) frå Hornindal valt for ei ny periode som stortingsrepresentant for Sogn og Fjordane. Å få inn lokale politikarar på Stortinget meiner Mads Jonsson har vore avgjerande for den politiske prosessen: «(...) veldig glad for at prosessen har blitt plukka opp av såpass kompetente politiske mennesker som har klart å styre gjennom skjærgården, for den er full av skjær» (M. Jonsson, intervju, 5. oktober 2018). Lødemel fortel om rolla som stortingspolitikar: «Mi rolle som stortingsrepresentant for Sogn og Fjordane var jo og ta opp såne saker og ikkje berre lufte og vere der, men faktisk følge dei» (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018). «Det er difor eg har vore på Stortinget. Det er ikkje for å sortere papir, det var for å få politisk gjennomslag og for å få lande saker» (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018). Lødemel fortel vidare at han jobba med saka i alle samanhengar: «Når det kom opp ei moglegheit så tok eg det opp. Så eg følgde denne saka i grunnen veldig nært heile vegen og hadde dialog med våre statsråder i forhold til kva

moglegheit vi hadde» (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018). Sveinung Rotevatn fortel at hans viktigaste rolle var å sørge for at Venstre stilte seg positiv til saka:

(...) min jobb var på ein måte litt sånn defensiv i det å sørge for at Venstre på Stortinget var klar over kva dette var. Etter at eg hadde overbevist dei, kunne eg formidle til regjering at vi er for dette. Så det var på ein måte strategien, å berre sakleg forklare dei andre i Venstre at dette er fornuftig å tillate (S. Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018).

Alfred Bjørlo sine gode relasjonar til Bjørn Lødemel og partikollega Sveinung Rotevatn, bidrog til at han kunne ha direkte kontakt med stortingspolitikarane. Dette er ifølge Binderkrantz et.al (2014) viktig for å vinne innflytelse på politiske avgjersler. I tillegg bidrog denne sosiale kapitalen til å korte ned avstanden til andre viktige beslutningstakarar på Stortinget. Denne tilgangen på dei politiske arenaene kan bidra til å forklare kvifor Alfred Bjørlo kunne nytte seg av direkte påverknadsstrategiar.

Som omtala i kapittel 2.4 blir kulturell kapital sett på som formell kunnskap (Wilson, 2002). I denne studien viser fleire av informantane til at kunnskapen om det politiske systemet og politiske prosessar har vore ein fordel. Med andre ord har informantane i den politiske prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing forstått at det å framstå som kunnskapsrike gjer dei til attraktive kjelder. Alfred Bjørlo som er utdanna cand scient med hovudfag i biologi, kom i 2011 frå jobben som dagleg leiar i eit næringsutviklingsselskap i nabokommunen Måløy. Tidlegare i karrieren arbeidde han som politisk rådgjevar, både i Næringsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Han arbeidde også nokre år som rådgjevar i PR-byrået Burson-Marsteller. Partikollega Sveinung Rotevatn er utdanna jurist og har vore kommunestyremedlem i Eid, samt leiar i Unge Venstre nasjonalt. Bjørn Lødemel (H) frå Hornindal har vore sjølvstendig næringsdrivande med lang fartstid i politikken. Mellom anna var han ordførar for Hornindal kommune i Sogn og Fjordane frå 1995 til 2009. Å ha kunnskap om politikk meiner Alfred Bjørlo er viktig for å arbeide med denne type saker:: «(...) det (er) noko med å lese det politiske landskapet og rett og slett gjere seg nokre politiske analysar på kven dette er ei god sak for, kven dei potensielle motstandarane er og korleis ein må jobbe med dei og så vidare» (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018). Å ha denne type kunnskap om politikk og medier blir av Ihlen (2009) omtala som kunnskapskapital. Ved å blant anna ha vore politisk rådgjevar, har Bjørlo ei privilegert form for kunnskap om både

politikk og media sin logikk. At Alfred Bjørlo har gått frå kommunikasjonsbransjen til politisk, heng saman med det Ihlen og Gullberg (2015) omtalar som svingdører. Bjørlo gir eit bekræftande svar på at bakgrunnen hans som politisk rådgjevar på Stortinget og rådgjevar i Burson-Marsteller kan ha vore ein fordel:

(...) Det med å forstå det politiske biletet og forstå betydninga av å kommunisere er iallfall generelt viktig (...) For ein ting er at du har ei god sak, men du kan ha ei god sak og likevel kollapse heilt fordi du ikkje klarer å kommunisere kva det betyr for andre (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018).

Også Bjørn Lødemel som har lang fartstid i politikken har nytta si erfaring med politiske prosessar. «(...) det er på ein måte å bygge opp ei sak seriøst. Gjere det grundig og ikkje sleppe når det butta imot» (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018). Han peika vidare på at ein var avhengig av forankring i dei politiske gruppene.

(...) Når du skal snakke om kontroversielle ting så må du ha ei forankring i gruppa. (...) Du får ikkje køyre noko solo der. Det kan du berre gløyme. (...) Men du må ikkje gå i den fella at du kjeftar på folk, blir snurten og sur. I forhold til såne saker og andre så må du legge i frå deg klokka og kalendaren og alt i hop. Når det opna seg ei moglegheit så må du gå på. Du må ha bygd ei politisk plattform for at du kan få det til. (B. Lødemel, intervju, 3 oktober 2018).

Med bakgrunn i profesjonaliseringa av den politiske kommunikasjonen dei siste åra, har politikarar og andre stadig behov for meir kunnskap om korleis ein kommuniserer i politiske prosessar. Dette er kunnskap Alfred Bjørlo tileigna seg som politisk rådgjevar og kommunikasjonsrådgjevar. Denne kulturelle kapitalen og kunnskapskapitalen som Ihlen (2009) omtalar det kan forklare fleire av dei strategiske grepa som Alfred Bjørlo og Eid kommune gjennomførte i prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing. At Eid kommune etter initiativ frå Alfred Bjørlo inviterte til politisk møte og la inn traseane for catskiing før det var opna for nasjonalt, viser at Bjørlo har kunnskap om korleis politikk fungerer. Initiativtakarane kunne også vise til støtte frå sentrale personar som Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn med brei politiske erfaring. Motsvaret til kommentaren i Aftenposten viser også at Alfred Bjørlo har kunnskap om media sin logikk. Ifølge (Ihlen et.al., 2015) er dette vesentleg kunnskap for å få mediemerksmd.

I kapittel 2.4 omtala eg økonomisk kapital som den viktigaste forma for kapital (Aakvaag, 2008). Å inneha økonomisk kapital gjer det blant anna mogleg å arbeide med ei sak over

lengre tid (Ihlen, 2013). Som det kjem fram av kapittel 4 har informantane som var sentrale i den politiske prosessen lagt ned mykje arbeid i den politiske prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing. Og fleire av informantane peikar på at økonomiske ressursar i form av arbeidskraft har spela ei vesentleg rolle. Som styreleiar hadde Stein Bjørhovde i oppgåve å auke inntektene der catskiing var ein av mange idear. Bjørhovde legg ikkje skjul på at han arbeidde mykje med saka: «Det var stort sett jeg som styrte med det og så orienterte jeg styret og omgivelsene om hva som var status» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018).

«(Catskiing) skulle være noe positivt for Harpefossen, det var iallfall det viktigste for oss. For Mads [Jonsson] og de var det selvsagt viktigst å få lov til å drive med det, for de skulle leve av det» (S. Bjørhovde, intervju, 3. oktober 2018). Med bakgrunn i at catskiing skulle auke inntektene til Harpefossen og vere levebrødet til Jonsson, er det naturleg at både Stein Bjørhovde og Mads Jonsson arbeidde mykje for å legge til rette for aktiviteten. Eit gjennomgåande tema i denne studien er også rolla ein har som politiskar på heiltid, noko som gjer det mogleg å arbeide med saker over tid. Dette heng saman med Ihlen (2013) si tolkning av Bourdieu og institusjonalisering. Alfred Bjørlo jobba med saka om catskiing heilt frå han vart kontakta i 2012. Som ordførar og dermed einaste politiskar på heiltid i Eid kommune hadde Bjørlo ein privilegert tilgang til å arbeide med saka politisk. Likevel peikar Bjørlo på utfordringar med å måtte gjere mykje av arbeidet sjølv: «Vi er ei lita kommune, vi har begrensa med folk. Så alt som har vorte gjort her av arbeid er på toppen av alt anna» (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018). Samstundes har kontinuiteten vore viktig for prosessen. «Det er alltid ein fordel å ha heile saksgangen i haudet og vore med heile veien og ha kontinuiteten i det» (A. Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018). Også Sveinung Rotevatn peikar på at det er viktig å halde saker varme: «(...) Politiskarar og gjerne statsrådar handterer titals saker kvar einaste dag. Det skjer noko nytt heilt tida så du må minne dei på ting» (Rotevatn, intervju, 24. oktober 2018). Bjørn Lødemel meiner at arbeidet han la ned i saka var ein del av rolla hans som stortingsrepresentant:

Mi rolle som stortingsrepresentant for Sogn og Fjordane var jo å ta opp såne saker og ikkje berre luften og vere der, men faktisk følge dei. Og dette er kanskje ei av dei sakene som eg har halde på med lenge og der ein ikkje på ein måte gav seg når det kom ei utfordring (B. Lødemel, intervju, 3. oktober 2018).

Ihlen (2007) peikar på at dei andre formene for kapital i enkelte tilfelle kan erstatte den økonomisk kapitalen. Til dømes kan kunnskapen til både Alfred Bjørlo, Bjørn Lødemel og

Sveinung Rotevatn om politiske prosessar og saksgangar, ha bidrege til at ein ikkje hadde behov for betale andre for å sikre tilgang til dei politiske arenane. Det same gjeld kunnskap om media. Alfred Bjørlo er sjølv klar på at ein i denne type saker må ha stayerevne: «Det er stayeren som må til i såne saker. Og dette er ofte ein kunst å klare å blinke ut, og det er krevjande» (Bjørlo, intervju, 26. oktober 2018). Som omtala i kapittel 2.4 har summen av kapitalformene mykje å seie for kva moglegheit ein har til å lukkast med kommunikasjonen (Ihlen, 2007). Ved at Alfred Bjørlo har stor sosial, kulturell og økonomisk kapital bidrog til at han kunne halde på lenge med saka, noko som kan forklare stayerevna.

6 Avsluttande refleksjonar

Denne studien har hatt som ambisjon å forstå kvifor Harpefossen skisenter og Eid kommune fekk gjennomslag for etablering av forsøksordning for catskiing. I det føregåande analysekapittelet har empiri vorte drøfta opp mot teori og legg såleis grunnlaget for å svare på problemstillinga. I dette kapittelet vil eg reflektere kring funna frå analysekapittelet og svare på problemstillinga: *Korleis har aktørane i saka om catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune arbeidd for å sikre seg politisk støtte og kva faktorar har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøket?* Endeleg vil eg syne til moglege område for vidare forskning som syner seg naudsynt for å forstå betre kva som er avgjerande faktorar i politiske prosessar.

6.1 Den politiske prosessen sett under eitt

Det er i skrivande stund over tolv år sidan Harpefossen skisenter byrja å undersøke moglegheitene for å starte opp med catskiing ved Harpefossen skisenter i Eid kommune. Mine hovudfunn syner at gjennomslaget for etablering av forsøksordning for catskiing har vore avhengig av mange faktorar. Det syner seg at ein kombinasjon av direkte og indirekte påverknadsstrategiar har vore naudsynt for å sikre seg politisk støtte. Det syner seg likevel at det er kapitalformene til aktørane som har vore mest avgjerande for gjennomslaget, då dei sikra aktørane tilgang til dei politiske arenaene. I tillegg har stayerevne, tilfeldigheter og flaks vore viktige faktorar for gjennomslaget av forsøksordninga.

Ved å sette catskiing i ein større samanheng og argumentere for at aktiviteten kan bidra til næringsutvikling, sikra initiativtakarane seg støtte hos ordførar Alfred Bjørlo og resten av det politiske miljøet i Eid kommune. Å argumentere for at catskiing som reiselivsprodukt er i tråd med overordna satsingar i reiselivsnæringa var også viktig i argumentasjonen for å sikre seg støtte hos sentrale stortingspolitikarar som Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn. Deretter sørga merksemd i media for at catskiing kom på dagsorden. Med ein kombinasjon av direkte og indirekte påverknadsstrategiar har ein i den politiske prosessen nytta seg av ulike metodar for å sikre seg tilgang i dei politiske arenaene og vidare politisk støtte. Alfred Bjørlo sine gode relasjonar til Bjørn Lødemel og partikollega Sveinung Rotevatn, bidrog til å korte ned avstanden til viktige beslutningstakarar. I tillegg gjorde Alfred Bjørlo sin sosiale kapital det enklare å ta direkte kontakt med aktørar i både departementet og på Stortinget. Vidare viser

det seg at den kulturelle bakgrunnen til politikarane, og då særleg bakgrunnen til Alfred Bjørlo, har vore ein avgjerande faktor. Ved å ha vore politisk rådgjevar har han kunnskap om både media sin logikk og det politiske landskapet, noko som er ein viktig føresetnad for tilgang til dei politiske arenaene. Ikkje minst har han som rådgjevar tileigna seg eit stort nettverk blant politikarar og journalistar. På denne måten har det vore kort avstand til dei politiske arenaene. I tillegg har arbeidssituasjonen til aktørane gjort det mogleg å arbeide med saka over tid. Kontinuiteten har også vore avgjerande for at prosessen ikkje har stoppa opp. Undervegs har ein møtt på fleire utfordringar, men i staden for å gi opp når ein møte motstand, har ein gjennom heile prosessen hatt stayerevne og funne nye vegar. Det har også vore fleire større hendingar som kunne ført til at prosessen gjekk andre vegar. Døme på dette er kommunevalet i 2011 og stortingsvalet i 2013. I løpet av desse to åra vart Alfred Bjørlo valt som ny ordførar for Eid kommune og Sveinung Rotevatn kom inn på Stortinget. I tillegg vart Bjørn Lødemel valt inn for ein ny periode. På same tid gjekk også den politiske debatten kring etablering av snøscooterløyper. Her prøvde Eid kommune og Harpefossen skisenter med støtte av stortingspolitikarane fleire ulike tiltak for at catskiing skulle bli inkludert i høyringsrunda. Når det ikkje gjekk gjennom måtte saka om catskiing bli behandlast separat, noko som i etterkant viser seg å ha vore ein fordel. Dette viser at dess meir ein prøvar, dess enklare er det at moglegheitene kjem.

Heilt konkret viser resultat frå denne studien at det særleg er tre faktorar som var avgjerande for gjennomslaget av forsøksordninga for catskiing. Den første og mest tydelege faktoren er at politikarane hadde tru på catskiing som reiselivsprodukt og stayerevne til å arbeide for saka. Den andre faktoren handlar om mengda av bestemte kapitalformer som aktørane hadde tilgang på. Desse ressursane fungerte som døropnarar til å påverke dei politiske arenaene. Den tredje faktoren er at prosessen som har gått over lang tid har vore prega av ei rekke tilfeldigheter og flaks.

6.2 Avsluttande kommentar og vidare forskning

I denne studien har eg sett på den politiske prosessen kring etablering av forsøksordning for catskiing. Vidare har eg studert korleis aktørane sikra seg politisk støtte og kva faktorar som har vore avgjerande for gjennomslaget av forsøksordninga. Sjølv om eg i denne studien har understreka betydninga av at prosessen har vore prega av involverte partar som brenn for saka

og har gode relasjonar til viktige beslutningstakarar, er det ikkje gitt at ein ikkje hadde lukkast i å oppnå same resultat dersom det var andre involverte partar. Likevel meiner eg at mine analyser synleggjer at prosessen i ei slik sak hadde vorte annleis enn det den vart. Særleg med bakgrunn i kombinasjonen av involverte aktørar der fleire har brei erfaring med både politikk og mediarbeid, noko som viser seg å ha vore ein stor fordel for framdrifta i prosessen. På det viset er det interessant med fleire studiar av liknande karakter.

Saker som går frå å vere lokalpolitiske til nasjonale og som blir tekne opp og vedtekne på Stortinget, er lite utforska prosessar i Noreg. Ei synleggjering av prosessar der ein ser korleis ulike interessentar som kommunar, utbyggjarar og turistindustri søker å påverke politiske avgjersler, vil kunne auke kunnskapsgrunnlaget om kva for faktorar som er vesentlege for å kunne påverke dei politiske arenaene. Ein skal ikkje sjå vekk frå at veksten av motorisert friluftsliv vil auke, og at vi framover vil sjå fleire liknande døme på aktørar som ønsker å satse på motorisert næringsutvikling i utmark og vassdrag. Denne studien har berre undersøkt ein prosess knytt til omstridde saker som går frå å vere lokalpolitisk til nasjonal til å bli nasjonale. Det ville vore interessant å sjå nærmare på fleire av denne type case. På denne måten kunne ein i større grad generalisert funna.

Denne studien har hatt som føremål å analysere den politiske prosessen fram mot eit lovforslag for catskiing. Funna viser at sjølv om ein har god kunnskap om politikk og media og eit godt relasjonsnettverk inn i regjeringa, kan det ta lang tid. Det er mange faktorar som spelar inn for å kunne lukkast. I prosessen var ein heldig å ha kontinuitet og aktørar som brann for saka. Dette er ikkje sjølvsagt. Med bakgrunn i dette ville det vore interessant å undersøke kvifor nokre jobbar meir intenst med saker enn andre. Er det eiga vinning eller fordi dei vil lokalsamfunnet og landet sitt vel?

Litteraturliste

- Baxter, P. & Jack, S. (2008). Qualitative case study methodology: Study design and implementation for novice researchers. *The qualitative report*, 13(4): 544-559.
- Binderkrantz, A. S. (2005). Interest Group Strategies: Navigating Between Privileged Access and Strategies of Pressure. *Political Studies Association*, 53(4), 694-715.
- Binderkrantz, A. S. & Krøyer, S. (2012). Customizing Strategy: Policy Goals and Interest Group Strategies. *Interest Groups & Advocacy*, 1(1), 115-138.
- Binderkrantz, A. S., Christiansen, P. M., & Pedersen, H. H. (2014). *Organisationer i politik*. Latvia: Hans Reitzels Forlag.
- Bjørlo, A. (2017, 23. april). Regjeringen og beltevognar: Det motsette av frislepp. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/AKbzE/-Regjeringen-og-beltevognar-D-et-motsette-av-frislepp--Alfred-Bjorlo>.
- Bourdieu, P. (1984). *Distinction: A social critique of the judgement of taste*. London: Routledge
- Bourdieu, P., and L. P. D. Wacquant. (1992). *An Invitation to Reflexive sociology*. Chicago: University of Chicago Press.
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen: En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax Forlag AS.
- Christiansen, P. M., & Rommetvedt, H. (1999). From corporatism to lobbyism: Parliaments, executives, and organized interests in Denmark and Norway. *Scandinavian Political Studies*, 22(3), 195-220.
- Coffey, A. & Atkinson, P. (1996). *Making sense of qualitative data*. London: SAGE Publications.
- Cook, Timothy E. (1998). *Governing with the News. The News Media as a Political Institution*. Chicago & London: The University of Chicago Press.
- Crang, M. & Cook, I. (2007). *Doing ethnographies*. London: SAGE Publications.
- Culpepper, P. D. (2011). *Quiet politics and business power: Corporate control in Europe and Japan*. New York: Cambridge University Press.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dowling, R. (2016) Power, Subjectivity, and Ethics in Qualitative Research. I: Hay, I. red. *Qualitative Research Methods in Human Geography*, 29-44. Canada: Oxford University Press.

- Duedahl, P., & Jacobsen, M. H. (2010). *Introduktion til dokumentanalyse*. Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Dunn, K. (2016) Interviewing. I: Hay, I. red. *Qualitative Research Methods in Human Geography*, 149-188. Canada: Oxford University Press.
- Eid kommune. (udatert). *Høyring - endringer i forskrift for bruk av motorkøretøy i utmark, samt invitasjon til deltaking i prøveordning*. Nordfjordeid: Eid kommune. Upublisert.
- Eid kommune. (2013a, 27. juni). *Høyring av forslag endringer i forskrift for bruk av motorkøretøy i utmark og islagde vassdrag samt invitasjon til å delta i forsøksordning med etablering av snøscooterløyper - inspel til høringsforslag*. Nordfjordeid: Eid kommune. Upublisert.
- Eid kommune. (2013b, 20. august). *Søknad om Catski på Harpefossen som eit nasjonalt pilotprosjekt innanfor utlyst forsøksordning for snøscooterløyper*. Nordfjordeid: Eid kommune. Upublisert.
- Eid kommune. (2013c, 28. august). *Søknad frå Eid kommune om deltaking i forsøksordning - Jf. forslag til endring i forskrift for bruk av motorkøretøy i utmark og islagde vassdrag*. Nordfjordeid: Eid kommune. Upublisert.
- Eid kommune. (2013d, 28. oktober). *Søknad frå Eid kommune om forsøk med catskiing: Ønskje om snarleg møte med politisk leiing i Miljøverndepartementet*. Nordfjordeid: Eid kommune. Upublisert.
- Eid kommune. (2015, 3. desember). Høyring av forslag til endring i motorferdselslov: åpning for catskiing. Henta frå https://tema.miljodirektoratet.no/PageFiles/31810/Horing2015-11167_uttalelse_fra_Eid_kommune.pdf
- Eid kommune. (2019, 21. mars). Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027. *Planomtale*. Henta frå: <https://eid.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=338&FilId=3470>
- Eide, M. (2001) *Til dagsorden! Journalistikk, makt og demokrati*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Enli, G. (2015). Politisk logikk eller medielogikk? - Norske partilederes strategier, imagebygging og autensitet i sosiale medier, *Norsk medietidsskrift* 22(3), s. 1-19. Henta frå https://www.idunn.no/nmt/2015/03/politisk_logikk_eller_medielogikk_-_norske_partilederes_st
- Esbensen, M. C. (2012). *Lobbyisme i organisationer. Mod en professionel og legitim praksis*. Viborg: Dansk Psykologisk Forlag.
- Esmark, K. (2006). Bourdieus uddannelsessociologi. I Prieur, A. & Sestoft, C. (2006). *Pierre Bourdieu. En introduktion*, 71-114. København: Hans Reitzels Forlag.

- Espeli, H. (1999). *Lobbyvirksomhet på Stortinget*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Europakommisjonen. (2006, 3. mai). Green Paper. European Transparency Initiative. Henta frå https://www.ab.gov.tr/files/ardb/evt/1_avrupa_birligi/1_6_raporlar/1_2_green_papers/com2006_green_paper_european_transparency_initiative.pdf
- Fauske, R.R. (2011, 12. september). Venstre og Alfred Bjørlo fekk nesten halvparten av stemmene i Eid. Henta frå <https://www.nrk.no/sognogfjordane/bjorlo-valvinnar-i-eid-1.7789837>
- Forsøksordning for catskiing. (2017). Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. (Forsøksordning for catskiing) (LOV-2017-06-16-61) Henta frå <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2017-06-16-61>
- Friluftsløva. (1957). Lov om friluftslivet (LOV-1957-06-29-16) Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>
- Gentikow, B. (2005). *Hvordan utforsker man medieerfaringer?* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Gripsrud, J. (2011). *Mediekultur, mediesamfunn*. 4 utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grindheim, J. E., Heidar, K., Strøm, K. (2017). *Norsk politikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Grønmo, S. (2015). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Harpefossen skisenter. (2015, 17. desember) Høringsuttale catski fra Harpefossen Skisenter AS. Henta frå https://tema.miljodirektoratet.no/PageFiles/32079/Horing2015-11167_uttalelse_fra_Harpefossen_skisenter.pdf
- Hegvik, G.K. (2013, 5. september). Slik vil Ena gjøre det lettere å bygge. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/Lwb8R/slik-vil-erna-gjoere-det-lettere-aa-bygge>
- Hunt, A. S. & Benford, D. R. (2011). Dramaturgy and Methodology. I Miller, G. & Dingwall, R. (red). *Context and Method in Qualitative Research*. SAGE Publications Ltd, 106-118.
- Ihlen, Ø. (2001). Miljømakt og journalistikk: Retorikk og regi. I M. Eide (Red.), *Til dagsorden! Journalistikk, makt og demokrati*, 304-328. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Ihlen, Ø. & Robstad, P. (2004). *Informasjon & Samfunnskontakt - Perspektiver og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Ihlen, Øyvind. (2007). Building on Bourdieu: A sociological grasp of public relations. *Public Relations Review*, 33(3), 269–274.
- Ihlen, Ø. (2009). On Pierre Bourdieu: Public relations in field struggles. I Ø. Ihlen, B. van Ruler & M. Fredriksson (Red.), *Public relations and social theory: Key figures and concepts*, 71–91. New York: Routledge.
- Ihlen, Ø. (2013). *PR og strategisk kommunikasjon: Teorier og fagidentitet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ihlen, Ø., Skogerbø, E & Allern, S. (2015). Introduksjon. I Ihlen, Skogerbø og Allern (red.) *Makt, medier og politikk. Norsk politisk kommunikasjon*, 232-244. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ihlen, Ø. & Gullberg, A.T. (2015). Lobbyisme: påvirkning av politikere og byråkrater. I Ihlen, Skogerbø og Allern (red.) *Makt, medier og politikk. Norsk politisk kommunikasjon*, 11-21. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jensen, A.T. & Aalberg, T. (2007). *Den medialiserte politikken*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Klima- og miljødepartementet. (2015a, 24. august). Nye regler om snøscooterløyper for fornøyleskjøring har trådt i kraft. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-regler-om-snoscooterloyper-for-fornoyelse-skjoring-har-tradt-i-kraft/id2435524/>
- Klima- og miljødepartementet. (2015b, 26. oktober). Oppdrag om utarbeidelse av høringsbrev om catskiing og el-sykler. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/b321d8f095b04df2baa8f98a3d060421/oppdragsbrev---hoering-av-ny-regler-for-catskiing-og-elsykler.pdf>
- Klima- og miljødepartementet (2015c, 26. oktober). Ønsker oppmykning av regler for el-sykler og catskiing. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/onsker-oppmykning-av-regler-for-el-sykler-og-catskiing/id2459132/>
- Klima- og miljødepartementet. (2017a, 5. april). Forsøksordning for catskiing. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/forsoksordning-for-catskiing/id2548654/>
- Klima- og miljødepartementet. (2017b). Endringer i motorferdselloven (forsøksordning for catskiing). (Prop. 83 L 2016-2017). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-83-l-20162017/id2548079/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014, 16. januar). Mer om lokaldemokrati. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/valg-og-demokrati/lokaldemokrati/mer-om-lokal-demokrati/id550479/>

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2018, 17. desember). Stedsutvikling. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/by--og-stedsutvikling/stedsutvikling-2/id476451/>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Marshall, N. M. (1996). Sampling for qualitative research. *Family Practice*, 13(6), 522-525
Henta frå <https://pdfs.semanticscholar.org/063d/8f0ba824da42f1a55136bdd7aac0f37cc8df.pdf>
- McCombs, M.E & Shaw, D.L (1972). The Agenda-Setting Function of Mass Media. *The Public Opinion Quarterly*, 36(2), 176-187. Henta frå <http://snschool.yolasite.com/resources/Agenda%20setting%20function-Sanjay.pdf>
- McCombs, M.E. (2004). *Setting the agenda: The Mass Media and Public Opinion*. Cambridge, UK: Polity.
- McLellan, E., MacQueen, K. M. & Neidig, J. L. (2003) *Beyond the Qualitative interview: Data Preparation and Transcription*. *Field methods*, 15(1), 63-84. Henta frå: <http://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/1525822X02239573>
- Meirik, T. (2013, 15. august). Politisk catski-støtte. Henta frå: <https://www.friflyt.no/ski/politisk-catski-stoette>
- Meirik, T. (2018, 10. mai). Disse kommunene får teste catskiing. Henta frå <https://www.friflyt.no/ski/disse-kommunene-faar-teste-catskiing>
- Miljødirektoratet. (2013). Allemannsretten. Henta frå <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m85/m85.pdf>
- Miljødirektoratet. (2015, 29. oktober). Høring av forslag til endringer i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag: åpning for catskiing. Henta frå <https://tema.miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/horinger/H%C3%B8ringsbrev%20ocatskiing.pdf?epslanguage=no>
- Miljødirektoratet. (2018, 16. januar). Invitasjon til å søke om å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing. Henta frå http://postlister.avjovarre.no/Innsyn_Karasjok/registryentry/ShowDocument?registryEntryId=1332&documentId=2373
- Moen, A. (2007). Medialiseringsspiralen – en historie fra virkeligheten. I Jenssen, Anders Todal og Toril Aalberg. *Den medialiserte politikken*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Motorferdsellova. (1977). Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. (LOV-1977-06-10-82)
Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82?q=motorferdselloven>
- Nerdrum, C. (2019, 18. mars). Harpefossen i gang med catskiing. Henta frå:
<https://www.friflyt.no/ski/harpefossen-i-gang-med-catskiing>
- NHO Reiseliv og Landsorganisasjonen i Norge. (2015, 19. desember). Høring av forslag til endringer i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag: åpning for catskiing. Henta frå:
https://www.nhoreiseliv.no/contentassets/86ac0d3bdc2747cfa0ff385d4b59ce2b/horing_svar_catskiing_miljodirektoratet_des2015.pdf
- Norsk Friluftsliv. (2015, 17. desember). Forslag til åpning for catskiing: Høringsuttalelse. Tilgjengeleg frå:
<https://www.norskfriluftsliv.no/wp-content/uploads/2015/12/2015-12-17-H%C3%B8ring-catskiing-fra-Norsk-Friluftsliv.pdf>
- Nærings- og fiskeridepartementet. (2017). Opplev Norge: unikt og eventyrlig. (Meld. St. 19 2016-2017). Henta frå
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20162017/id2543824/>
- Olsen, T. (2017, 16. april). Protest mot Regjeringens frilepp av elsykler og beltevogner. Henta frå
<https://www.aftenposten.no/norge/i/rxEqe/Protest-mot-Regjeringens-frislipp-av-elsykl-er-og-beltevogner>
- Opedal, S. (1997). Organisasjonenes påvirkningsmuligheter og dilemmaer i miljøpolitikken. I Klausen, J.E & Rommetvedt, H. (Red.), *Miljøpolitikk: Organisasjonene, Stortinget og forvaltningen*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Plan- og bygningsloven. (2008). Lov om planlegging og byggesaksbehandling. (LOV-2008-06-21-71). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-21-71>
- Raknes, K. & Solhjell, B. V. (2018). *Jakta på makta: 12 råd for effektiv påvirkning*. Oslo: Gyldendal.
- Rasmussen, F. (2012). *Massemedier og politisk kommunikasjon*. København: Columbus.
- Robson, C. (2002). *Real World Research: A resource for social scientists and practitionerresearchers*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Rommetvedt, H. (2005). Resources count, but votes decide? From neo-corporatist representation to neo-pluralist parliamentarism – the case of Norway, *West European Politics*, 28(4), 740-763.
- Rommetvedt, H. (2014). Lobbyvirksomhet. I Narud, Heidar og Grønlie (red.) *Stortingets historie 1964-2014*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet: Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Scammell, M. (2014). *Consumer Democracy: The Marketing of Politics*. New York: Cambridge University Press.
- Selkirk Snowcat Skiing. (u.å.). History. Henta frå <https://selkirksnowcatskiing.com/catskiing-history-started-here/>
- Semetko, H.A. & Scammel, M. (2012). *SAGE Handbook of Political Communication*. London: Sage
- Silden, S. (2014, 29. mars). *Harpefossen Catski* [Videoklipp] Henta frå <https://www.youtube.com/watch?v=JbtD0g23vWs&feature=youtu.be>
- Silverman, D. (2015). *Interpreting qualitative data*. London: Sage
- Skirbekk, T. (2015). *Hvordan vinne valg: Moderne politisk kommunikasjon*. Spartacus: Oslo.
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune. (2013, 22. august). *Forslag til endring i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark med invitasjon til deltaking i forsørsordninga*. Leikanger: Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Upublisert.
- Stortinget. (2018a, 27. april). Bruk mediene. Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/stortinget-undervisning/videre-gaende-skole/deltakelse-og-pavirkning/Bruk-mediene/>
- Stortinget. (2018b, 29. september). Slik behandles en sak i Stortinget. Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/stortinget-undervisning/videre-gaende-skole/slik-er-saksgangen-i-stortinget/>
- Svendsen, G.T. & Svendsen, G.L.H. (2006): *Social kapital: En introduktion*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal
- Wahldahl, R. (1999). Medier, meningsdannelse og den politiske dagsorden. *Politica* 31(2). Henta frå: <https://tidsskrift.dk/politica/article/view/68277/99062>
- Wilken, L. (2008). *Pierre Bourdieu*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Wilson T. C. (2002). The paradox of social class and sports involvement: The roles of cultural and economic capital. *International review for the sociology of sport*. (1), 5-16.
- Yin, R. K. (2009). *Case Study Research. Design and Methods*. SAGE Publications: California.

Østbye, H., Helland, K., Knapskog, K., Larsen, L. O. & Moe, H. (2013). *Metodebok for mediefag*. Bergen: Fagbokforlaget.

Østerud, Ø., Engelstad, F. & Selle, P. (2003). *Makten og demokratiet: En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal.

Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Vedlegg 1: NSD si vurdering



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Kampen om catskiing

Referansenummer

541407

Registrert

19.02.2019 av Veronica Kvalen Pilskog - pilskogv@gmail.com

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen i Volda / Avdeling for mediefag

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Lars Julius Halvorsen, halvorsla@hivolda.no, tlf: 70075215

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Veronica Kvalen Pilskog, pilskogv@gmail.com, tlf: 45464610

Prosjektperiode

01.10.2018 - 20.05.2019

Status

21.02.2019 - Vurdert

Vurdering (1)

21.02.2019 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen vil være i samsvar med personvernlovgivningen, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 21.02.2019 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD ENDRINGER

Dersom behandlingen av personopplysninger endrer seg, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. På våre nettsider informerer vi om hvilke endringer som må meldes. Vent på svar før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle særlige kategorier av personopplysninger om politisk oppfatning og alminnelige personopplysninger frem til 20.05.2019.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a), jf. art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Kajsa Amundsen
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

Vedlegg 2: Informasjonsskriv

Deltaking i forskingsprosjektet *Kampen om catskiing: frå visjon til realitet*

Dette er informasjon om deltaking i forskingsprosjektet *Kampen om catskiing: frå visjon til realitet*. I dette skrivet gir eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil bety for deg.

Bakgrunn og formål

Denne studien skal sjå på prosessen bak etableringa av catskiing i Eid kommune. Studien tek sikte på å avdekke korleis initiativtakarane har arbeidd for å sikre seg politisk støtte, samt korleis lokale politikarar har arbeidd ovanfor politikarar på Stortinget.

Dette er ei masteroppgåve for Master i praktiske mediefag ved Avdeling for mediefag, Høgskulen i Volda.

Kva inneber deltaking i studien?

Du er valt ut som deltakar i forskingsprosjektet fordi du har hatt ei sentral rolle i prosessen, og vil dermed vere ei viktig kjelde for informasjon. Studien er kvalitativ og vil bli utført gjennom personlege intervju og dokumentanalyse av høyringane og dei lovførebuande dokumenta. Intervjudata vil bli registrert gjennom lydopptak og vidare bli transkribert. Du vil få tilsendt ferdig transkribering for sitatsjekk og endeleg oppgåve.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke samtykke ditt utan å oppgi nokon grunn. Dersom ein trekk seg frå studien, vil alle opplysningar bli anonymisert.

Ditt personvern

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg vil behandle opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre student Veronica Kvalen Pilskog og rettleiar Eli Skogerbø som vil ha tilgang på materialet.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg
- å få retta personopplysningar om deg
- få sletta personopplysningar om deg
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

Masterstudent Veronica Kvalen Pilskog: 45464610

Rettleiar Eli Skogerbø: 90561275

Personvernombod ved Høgskulen i Volda: Henriette Hafsaas: 70075489

Samtykke til deltaking i studien

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Kampen om catsking: frå visjon til realitet*, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at opplysningar om meg blir publisert med fullt namn og posisjon

Eg samtykkar til at mine opplysningar behandlast frem til prosjektet er avslutta, ca. mai/juni 2019.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3: Høyringsinnspel

Villreinsrådet

29.02.16

Villreinnemnda for

Setesdalsområdet

29.02.16

Fylkesmannen i Oppland

29.02.16

Hedmark fylkeskommune

29.02.16

Nord-Trøndelag

fylkeskommune

29.02.16

Rendalen kommune

29.02.16

Balsfjord kommune

29.02.16

Steinkjer kommune

02.02.16

Riksadvokaten

04.01.16

Sametinget

23.12.15

Finnmark fylkeskommune

23.12.15

Fylkesmannen i Troms

22.12.15

Aust-Agder

Fylkesmannen

22.12.15

WWF Norge

21.12.15

Sør-Trøndelag

fylkeskommune

21.12.15

Foreningen Fjellfanten

21.12.15

Naturvernforbundet

21.12.15

Norges Idrettsforbund

21.12.15

Fylkesmannen i Nordland

21.12.15

Lom kommune

21.12.15

Reisemål Stryn &

Nordfjord

21.12.15

Oslo kommune

21.12.15

Norges Skiforbund

21.12.15

Utenriksdepartementet

21.12.15

Beiarn kommune

21.12.15

Villreinnemnda for

Rondane og Sølknletten

21.12.15

Harpefossen Skisenter

21.12.15

Fylkesmannen i Rogaland

21.12.15

Norsk Friluftsliv

21.12.15

Våler kommune

18.12.15

Fylkesmannen i Hedmark:

Høringsuttalelse til sak

2015/11167

18.12.15

Virke Reise Norge:

Høring om catskiing

18.12.15

Utvalg for næring, plan

og miljø: Forslag til

endringer i regelverket for

motorferdsel i utmark, sak

2015/11167

18.12.15

Samferdselsdepartementet

18.12.15

Fylkesmannen i

Vest-Agder

18.12.15

Fylkesmannen i Telemark
18.12.15

Innovasjon Norge:
Høringsuttalelse til sak
2015/11167
17.12.15

Oppdal kommune:
Motorferdsel - catskiing
17.12.15

NHO Reiseliv: Høring av
forslag til endringer i
motorferdselloven og
forskrift for bruk av
motorkjøretøyer i utmark
og på islagte vassdrag –
åpning for catskiing
17.12.15

Norges vassdrags- og
energidirektorat
17.12.15

Fylkesmannen i Buskerud
17.12.15

Vefsn kommune
17.12.15

Visit Troms Region AS
17.12.15

Firma: Visit Troms
Region AS

Hol kommune:
Høringsuttalelse til sak
2015/11167
17.12.15

Hol kommune:
Høringsuttalelse til sak
2015/11167
17.12.15

Hol kommune:
Høringsuttalelse til sak
2015/11167
17.12.15

Olje- og
energidepartementet
17.12.15

Landsorganisasjonen i
Norge
17.12.15

Landbruksdirektoratet
16.12.15

Vågå kommune : Høring
av forslag til endringer i
motorferdsellova og
forskrift for bruk av
motorkjøretøy i utmark og
på islagde vassdrag-
åpning for catskiing
16.12.15

Nord-Fron kommune
16.12.15

Rohkunborri
nasjonalparkstyre:
Høringsuttalelse til sak
2015/11167
16.12.15

Leikanger kommune
16.12.15

Helse- og
omsorgsdepartementet
16.12.15

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane
16.12.15

Lenvik kommune
16.12.15

Friluftsrådnes
Landsforbund
15.12.15

Vest-Agder
fylkeskommune
14.12.15

Gol kommune
14.12.15

Hemsedal kommune
14.12.15

Politidirektoratet
14.12.15

Helsedirektoratet
14.12.15

Luster kommune
14.12.15

Fylkesmannen i Møre og
Romsdal: Cat-skiing
11.12.15

Troms Turlag:
Høringsuttalelse,
motorferdselsloven og
catskiing
11.12.15

Alpinanleggenes
Landsforening
10.12.15

Villreinnemnda for
Snøhetta og Knutshø
10.12.15

Statens vegvesen
09.12.15

Fylkesmannen i
Sør-Trøndelag
09.12.15

Målselv kommune
08.12.15

Nordfjella og Fjellheimen
reinnemnd
07.12.15

Den norske turistforening
07.12.15

Porsanger kommune
04.12.15

Eid kommune
04.12.15

Kvæningen kommune
04.12.15

Eid kommune: Høring -
catskiing -
Motorferdsellova
03.12.15

Justis- og
beredskapsdepartementet
03.12.15

Riksantikvaren
01.12.15

Jølster kommune
01.12.15

Landbruks-og
matdepartementet
30.11.15

Norske Reindrifsamers
Landsforbund
23.11.15

Tamok AS:
Høringsuttalelse Forslag
til endringer i regelverket
for motorferdsel i utmark
(2015/11167)
10.11.15

Medlem fjellsportgruppa i
Troms Turlag: Catskiing -
nei takk!
06.11.15

Arbeids- og
sosialdepartementet
05.11.15

privat: 2015/11167
catskiing
05.11.15

Privat: Catskiing
04.11.15

Vedlegg 4: Intervjuguide

I. Stein Bjørhovde

Introduksjon

- a) Kan du fortelje meg litt om din bakgrunn?
- b) Kan du fortelje meg litt om ditt forhold til catskiing?

Prosessten

- a) Kva var bakgrunnen for at du og Harpefossen starta prosessen med å få løyve til catskiing?
- b) Kan du fortelje litt om korleis du og Harpefossen skisenter har arbeidd i prosessen?
- c) Kva type samarbeid har Harpefossen hatt med Mads Jonsson og Catski AS?
- d) Kven tok initiativet til å invitere politikarar til Harpefossen i 2013? Og kvifor?
- e) Kva type hjelp har dykk søkt i prosessen?
- f) Kor viktig trur du valet av Solberg-regjeringen i 2013 og attvalet i 2017 har vore for prosessen?
- g) Kor avgjerande trur du involvering av lokale politikarar som Alfred Bjørlo og stortingspolitikarar som Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn har vore for prosessen og resultatet?
- h) Kva faktorar trur du har vore dei viktigaste for gjennomslagskrafta i prosessen?
- i) Kva har vore det mest utfordrande i prosessen?
- j) Har det vore periodar der ein har tenkt på å gi opp?
- k) Kva råd vil du gi til andre som ønsker å få til liknande tilbod?

Avslutning

Då har eg ikkje fleire spørsmål til deg. Er det noko du vil legge til før vi avsluttar?

II. Bjørn Lødemel

Introduksjon

- a) Kan du fortelje meg litt om din bakgrunn?

- b) Kan du fortelje meg litt om ditt forhold til catskiing?

Proessen

- a) Når og kvifor vart du involvert i prosessen med catskiing?
- b) Kvifor har du engasjert seg i denne prosessen?
- c) Kva strategiske val/grep har du teke og/eller vore med på i denne prosessen?
- d) Kor viktig trur du valet av Solberg-regjeringen i 2013 og attvalet i 2017 har vore for framdrifta i prosessen?
- e) Kor viktig trur du lokale krefter og eldsjeler har vore for framdrifta i prosessen?
- f) Kor avgjerande trur du involvering av lokale politikarar og stortingspolitikarar som deg har vore for resultatet?
- g) Kva faktorar trur du har vore dei viktigaste for gjennomslagskrafta i prosessen?
- h) Kva har vore det mest utfordrande?
- i) Kvifor trur du prosessen har teke så lang tid?
- j) Trur du byråkratet har skylda for at det har teke så lang tid?

Avslutning

Då har eg ikkje fleire spørsmål til deg. Er det noko du vil legge til før vi avsluttar?

III. Mads Jonsson

Introduksjon

- a) Kan du fortelje meg litt om din bakgrunn?
- b) Kan du fortelje meg litt om ditt forhold til catskiing?

Proessen

- a) Kva var bakgrunnen for at du vart involvert i prosessen?
- b) Trur du din bakgrunn som profesjonell brettkøyrar og erfaringa di med catski har vore viktig for framdrifta? På kva måte?
- c) I 2013 registrerte du Catski AS som foretak. Kvifor? Var dette eit strategisk grep?
- d) Kva type hjelp har dykk søkt i prosessen?
- e) Du har samarbeida tett med Harpefossen. På kva måte samarbeida, og kor viktig har dette samarbeidet vore?

- f) Kor viktig trur du valet av Solberg-regjeringen i 2013 og attvalet i 2017 har vore for framdrifta i prosessen?
- g) Kor viktig trur du lokale krefter og eldsjeler har vore for framdrifta i prosessen?
- h) Kor avgjerande trur du involvering av lokale politikarar som Alfred Bjørlo og stortingspolitikarar som Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn har vore for resultatet?
- i) Kva faktorar trur du har vore dei viktigaste for gjennomslaget i prosessen?
- j) Kva har vore det mest utfordrande i prosessen?

Resultat

- a) Kva synes du om prosessen?

Avslutning

Då har eg ikkje fleire spørsmål til deg. Er det noko du vil legge til før vi avsluttar?

IV. Sveinung Rotevatn:

Introduksjon

- a) Kan du fortelje meg litt om din bakgrunn?
- b) Kan du fortelje meg litt om ditt forhold til catskiing?

Prosesen

- a) Når og kvifor vart du involvert i prosessen med catskiing?
- b) Kvifor har du engasjert seg i denne prosessen?
- c) Kva strategiske val/grep har du teke og/eller vore med på i denne prosessen?
- d) Kor viktig trur du valet av Solberg-regjeringen i 2013 og attvalet i 2017 har vore for framdrifta i prosessen?
- e) Kor viktig trur du lokale krefter og eldsjeler har vore for framdrifta i prosessen?
- f) Kor avgjerande trur du involvering av lokale politikarar og stortingspolitikarar som deg har vore for resultatet?
- g) Kva faktorar trur du har vore dei viktigaste for gjennomslagskrafta i prosessen?
- h) Kva har vore det mest utfordrande?
- i) Kifor trur du prosessen har teke så lang tid?
- j) Trur du byråkratet har skylda for at det har teke så lang tid?

Avslutning

Då har eg ikkje fleire spørsmål til deg. Er det noko du vil legge til før vi avsluttar?

V. Alfred Bjørlo

Introduksjon

- a) Kan du fortelje meg litt om din bakgrunn?
- b) Kan du fortelje meg litt om ditt forhold til catskiing?

Proessen

- a) Når og kvifor vart du og Eid kommune involvert i prosessen med catskiing?
- b) Kvifor har du og Eid kommune engasjert dykk i denne prosessen?
- c) Kva strategiske val/grep har du og Eid kommune teke og/eller vore med på i denne prosessen?
- d) Kor viktig trur du valet av Solberg-regjeringa i 2013 og attvalet i 2017 har vore for framdrifta i prosessen?
- e) Kor viktig trur du lokale krefter og eldsjeler har vore for framdrifta i prosessen?
- f) Kor avgjerande trur du ditt arbeid og involveringa av stortingspolitikarar som Bjørn Lødemel og Sveinung Rotevatn har vore for resultatet?
- g) Kva faktorar trur du har vore dei viktigaste for gjennomslaget i prosessen?
- h) Kva har vore det mest utfordrande?
- i) Kvifor trur du prosessen har teke så lang tid?
- j) Trur du byråkratiet har skylda for at det har teke så lang tid?

Avslutning

Då har eg ikkje fleire spørsmål til deg. Er det noko du vil legge til før vi avsluttar?